



MØTEINNKALLING

Utvalg: **Driftsstyret**

Møtestad: **Voldsfjorden, Volda rådhus**

Dato: **11.05.2016**

Tid: **12:00 NB! Merk tida**

Medlemmar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unнатekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

I starten på møtet vil kulturskulesjef Einar Yngve Opsvik orientere om kulturskulen.

I tillegg til saklista skal driftsstyret legge fram synspunkt til arbeidshefte innspel til oppvekstplanen.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 21/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 22/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 23/16	Skjenkeløyve i samband med konsert 03.09.16 i Mørehallen til inntekt for VTI-Fotball
PS 24/16	Skjenkeløyve - Austefjordhelg 10.06.2016
PS 25/16	Årsmøte frivilligsentralen 2016
PS 26/16	Politisk organisering. Vedtak frå driftstyret sitt møte 09.03.16. Til ny handsaming 11.05.16
 <u>Orienteringssaker</u>	
OS 12/16	Alkoholpolitisk handlingsplan - løyvepolitikken 2016-2020
OS 13/16	Inntektsavhengig foreldrebetaling i skulefritidsordning og Kulturskulen
OS 14/16	Møtereferat frå SU Vikebygda den 18.04.16
OS 15/16	Orientering om midlar til auka pedagogettleik i 1. - 4. klasse

PS 21/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 22/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Bente Engeseth	Arkivsak nr.:	2015/2495
		Arkivkode:	U63

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
23/16	Driftsstyret	11.05.2016

SKJENKELØYVE I SAMBAND MED KONSERT 03.09.16 I MØREHALLEN TIL INNTEKT FOR VTI-FOTBALL

Administrasjonen si tilråding:

Etter alkohollova § 1-6, 3. ledd vert det gitt skjenkeløyve ved einskildhøve.

1. *Med heimel i alkohollova § 1- 6, får VOLDA TURN OG IDROTTSLAG FOTBALL (org nr 981951921) skjenkeløyve, for alkoholgruppe 1 og 2, frå kl 19.00-02.00, i høve konsertarrangement i Mørehallen den 3. september 2016 (natt til påfylgjande dag).*
2. *Det vert gitt skjenkeløyve for eit forsvarleg inngjerda uteområde utanfor Mørehallen jf vedlegget "Skisse Mørehallen". Det vert ikkje gitt løyve til skjenking på dette området, men til at gjestane skal få ta med seg alkoholhaldig drikk ut på området. Området skal vere skjema for innsyn frå skateparken.*
3. *Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Johann Roppen, f. 29.06.67.*
4. *Stedfortredar for styrar vert sett til: Audun Kristian Høidal, f. 02.04.74.*
5. *Det vert stilt vilkår om 18-års aldersgrense jf. alkohollova § 4-3.*
6. *Det vert stilt vilkår om at vaktplass, og at dei andre krava frå politiet er organisert før arrangementet tek til. Krav til vaktsystem må også vere på plass før, under og etter arrangementet. Dette må vere tilpassa i dialog med politiet.*
7. *Avgift for løyvet vert sett til kr. 1000,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt før arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2015/2495.*

Vedleggsliste:

Søknad 14.12.15

Skisse av uteområde ved Mørehallen

Uttale frå politiet 07.03.16

Uttale frå brannsjef 11.04.16

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016

Uprenta saksvedlegg: Alkohollova m/forskrift

Samandrag av saka:

Volda kommune mottok 14.12.15 søknad om skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 ved einskildhøve frå Volda turn og idrettslag fotball. Søknaden gjeld konsert med DDE og Loveshack. I ”*Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016*” er det vedtatt at skjenkeløyve ikkje skal bli gitt til område som tradisjonelt sett er rusfrie soner, som td idrettsarenaer. Ved vurdering av søknaden vert det lagt vekt på at arrangementet er eit konsertarrangement og ikkje eit idrettsarrangement. Arrangementet har som føremål å skaffe inntekter til å finansiere Mørehallen. Det vert difor positiv innstilling til å gje skjenkeløyve ved einskildhøve til VTI- fotball.

Saksopplysningar:

Volda kommune mottok søknad om skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 ved einskildhøve den 14.12.15. Søknaden gjeld arrangement som skal vere i Mørehallen 03.09.16. Det er VTI-fotball som søker i samband med konsert med DDE og Loveshack. Det er også søkt om skjenkeløyve på eit område utanfor Mørehallen. Det fylgjer teikning av området dei ynskjer løyve for ute jf ”*Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016*”.

Det vart sendt ut førebles svar på søknad om skjenkeløyve 04.01.16, med informasjon om at søknaden må til politisk handsaming.

I ”*Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016*” står det i vedlegg ”*I-1. Retningsliner/kriteria for tildeling av sals- og skjenkeløyve*”, under ”*Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve*” i nest siste kulepunkt at:

”• *Ungdomsklubbar, ungdomsdiskotek, skisenter, svømmehall/badeland og idrettsarenaer er område som tradisjonelt er sett på som rusfrie soner. Desse skal ikkje ha skjenkeløyve.*”

Ved vurdering av søknaden og avgrensinga i lokal handlingsplan er det tatt med i vurderinga at dette er eit arrangement på kveldstid med 18-års aldersgrense. Arrangementet har vaksne personar som målgruppe, arrangementet er konsert- og ikkje idrettsarrangement. Vidare skal inntektene gå til å finansiere Mørehallen. Intensjonen i planen er å ikkje blande idrett og alkohol. Det vil ikkje skje ved dette arrangementet.

Det er søkt om skjenkeløyve for eit inngjerda uteområde utanfor hallen. Sjå vedlegget ”*Skisse*”. Det vert negativ innstilling til skjenkeløyve for uteområde då dette ligg på ein idrettsarena med idrettsanlegg like ved. Det er barn og unge vaksne som oppheld seg i området, også på kveldstid, særskilt på skateparken.

Arrangøren søker også skjenkeløyve for eit uteområde der det er ynskje om å plassere toalett. Det er også planlagt å ha eit område der gjestane kan gå ut for å lufta seg eller røyke.

Det vil skape utfordringar for arrangøren dersom det ikkje vert gitt løyve for eit område ute. Det har vist at det kan vere vanskeleg å kontrollere trafikken ut og inn av konsertlokalet og at dette kan skape konfliktsituasjonar dersom gjestane ikkje får ta med seg alkoholhaldig drikk ut. Det har også vist seg at dette kan føre til at folk drikk meir enn om dei får ta med seg drikken ut.

For at søker skal få løyve for uteområdet vert det stilt krav om at det i tillegg til å vere forsvarleg inngjerda, vert skjerma mot innsyn frå skateparken. Det vert ikkje gitt løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk ute, men gjestane kan få ta med seg alkoholhaldig drikk ut på området.

Til orientering og samanlikning har Ørsta kommune ved fleire høve gitt skjenkeløyve ved einskildhøve til Kiwhallen i Ørsta. Volda og Ørsta har likelydande punkt i planen. Volda kommune har tidlegare gitt skjenkeløyve til arrangement i Voldahallen. Driftsstyret får gjere ei vurdering om ein vil innvilge søknaden ut frå dei formuleringane som står i ruspolitisk handlingsplan.

Ved saka ligg uttale frå lensmann og brannsjef. Lensmannen har stilt ein del krav til vakthald og system for dette, i tillegg til samarbeidsmøter mellom arrangør, Volda kommune v/brannsjef og politiet.

Brannsjefen viser til at VTI har den 29.03.2016 fått utarbeidd ei brannteknisk analyse for auka publikumstal ved store arrangement i Mørehallen. Analysen legg til grunn, at med særskilte tiltak, så kan det vere inntil 2500 publikum inne og 300 ute. Når VTI no har fått utarbeidd ei slik analyse er ikkje slike arrangement lengre søknadspliktige, men meldepliktige etter §7 i brannlova.

Vurdering og konklusjon:

Det har ikkje kome fram noko i uttalene som gjer at ein ikkje kan gi skjenkeløyve som omsøkt. Mørehallen er eit område som tradisjonelt sett er ei rusfri sone, men som eit særtilfelle vert det gitt skjenkeløyve ved einskildhøve til dette arrangementet. Arrangementet er for vaksne personar, og det er 18-års aldersgrense. Føremålet med arrangementet er også avgjerande for at løyve vert gitt. Dette er ein konsert der inntektene går direkte til finansiering av Mørehallen i Volda, som i neste omgang er eit infrastrukturtillegg for å fremje idretten i Volda.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege konsekvensar for helse og miljø.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant

Beredskapsmessige konsekvensar:

Det er krav om tett samarbeid mellom arrangør, brann og politiet. Alle krav frå politiet må vere innfridd. Arrangør er ansvarlig for å ha kontroll på området rundt skjenkestaden i tillegg til sjølve skjenkearealet.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

VTI fotball, styret@vti-fotball.no

Audun Kristian Høidal, audun@hoidal.no

Johann Roppen, johann.roppe@gmail.com

Volda og Ørsta lensmannskontor, Torvmyrane 11B, 6160 HOVDEBYGDA
Securitas AS, Postboks 8225 Spjelkavik, 6022 ÅLESUND

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Innsendt: 14.12.2015 00:00

Ref.nr: OMYUMF

Volda kommune

Telefon: 70 05 87 00

E-post: postmottak@volda.kommune.no

Hjemmeside: http://www.volda.kommune.no

Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)

Bevilling

Det er ikke nødvendig å søke bevilling for skjenking av alkohol til arrangementer som opprinnelig kunne ha vært holdt hjemme, for eksempel bryllup, jubileum, konfirmasjon eller lignende, når skjenkingen skjer uten betaling. Bedrifter som skjenker i egne lokaler til sine ansatte uten å ta betaling, trenger ikke søke bevilling. Dette gjelder ikke organisasjoner og lignende som leier et offentlig lokale til feiring av for eksempel foreningens jubileum. Disse arrangementene er bevillingspliktige.

Søknaden gjelder

- Ambulerende bevilling (til deltakere i lukket arrangement), jf. alkhl. § 4-5
 Bevilling for én enkelt anledning (til deltakere i åpent arrangement), jf. alkhl. § 1-6

Det er utearbeidet internkontroll for arrangementet

- Ja
 Nei

Opplysninger om bevillingssøker

Bevillingssøker er

- organisasjon registrert i Enhetsregisteret
 enkelpersonforetak/forening uten organisasjonsnummer
 privatperson

Org.nr. 981951921	Navn på virksomhet VOLDA TURN OG IDROETTSLAG FOTBALL
----------------------	---

Adresse Volda Stadion	Postnr. 6100	Poststed VOLDA
--------------------------	-----------------	-------------------

Telefon 70 07 85 12	E-postadresse (firma) styret@vti-fotball.no
---------------------------	--

Skattekommune VOLDA

Bevillingssøker er:

Etternavn Høidal	Fornavn Audun Kristian	Fødselsnr.
E-postadresse, kontaktperson/bevillingssøker audun@hoidal.no		Mobilnr., kontaktperson 45025802

Styrer og stedfortreder

Det kan gjøres unntak fra kravet om stedfortreder når det vil virke urimelig bl.a. av hensyn til skjenkestedets størrelse.

Styrer/hovedansvarlig (må være en fysisk person over 20 år)

Etternavn Roppen	Fornavn Johann	Fødselsnr.
---------------------	-------------------	------------

Adresse Bøgardsvegen 30	Postnr. 6104	Poststed Volda
----------------------------	-----------------	-------------------

Telefon	E-postadresse
---------	---------------

Stedfortreder for styrer/hovedansvarlig (må være en fysisk person over 20 år)

Etternavn Høidal	Fornavn Audun Kr.	Fødselsnr.
---------------------	----------------------	------------

Adresse	Postnr.	Poststed
---------	---------	----------

Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)

Lindevegen 17	6103	Volda
Telefon		

Arrangementsstedet

Stedets navn Mørehallen		
Adresse Stadionvegen 5	Postnr. 6100	Poststed Volda
Telefon 90565727		
Eier/utleier - fyller bare ut dersom dette er naturlig:		
Eier/utleier - etternavn	Eier/utleier - fornavn	Telefon

Ønsket skjenking

Søkes det om skjenking av alkohol i gruppe 3, gjelder også søknaden for gruppe 1 og 2.

Gruppe 1 (2,5 - 4,7 prosent. Tilsvarer øl)

- Skjenking inne
- Skjenking ute
- Ønsker skjenking innenfor kommunens maksimaltid

Fra kl.	Til kl.
Fra kl. (inne) 19.00	Til kl. (inne) 02.00
Fra kl. (ute) 19.00	Til kl. (ute) 02.00

Gruppe 2 (4,7 - 22 prosent. Tilsvarer vin)

- Skjenking inne
- Skjenking ute
- Ønsker skjenking innenfor kommunens maksimaltid

Fra kl.	Til kl.
Fra kl. (inne) 19.00	Til kl. (inne) 02.00
Fra kl. (ute) 19.00	Til kl. (ute) 02.00

Gruppe 3 (22 - 60 prosent. Tilsvarer brennevin)

- Skjenking inne
- Skjenking ute
- Ønsker skjenking innenfor kommunens maksimaltid

Fra kl.	Til kl.
---------	---------

Opplysninger om arrangementet

Beskrivelse av arrangementet

Konsert med DDE og Loveshack den 3. september 2016 i Mørehallen.

<https://www.facebook.com/events/1723123594582736/>

Mer informasjon om arrangementet (hvis for liten plass ovenfor):

Last opp fil	Ettersendes <input type="checkbox"/> per post
--------------	--

Tidsrom og antall personer

Fra dato 03.09.2016	Til dato 04.09.2016	Antall personer 2 200
------------------------	------------------------	--------------------------

Vil det bli avkrevet betaling for arrangementet?

- Ja
- Nei

Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)

Bekrefte

Bekrefte


Jeg bekrefter at opplysningene er riktige, og forplikter meg til å besørge at bestemmelsene i alkoholloven og dens forskrifter blir overholdt.

Vedleggsoversikt

Vedlegg som skal følge søknaden

Vedlegg

Beskriv	Last opp vedlegg Skisse DDE sept 2016.PDF	Etersendes per post <input type="checkbox"/> per post
Beskriv	Last opp vedlegg	Etersendes per post <input type="checkbox"/> per post
Beskriv	Last opp vedlegg	Etersendes per post <input type="checkbox"/> per post





POLITIET

Volda kommune

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Stormyra 2,
6100 VOLDA

Stad, Dato
Ørsta, 7.3.2016

UTTALE FRÅ LENSMANN I SAMBAND MED SKJENKELØYVE – VTI FOTBALL – KONSERT MED DDE OG LOVESHACK – 03.09.2016 I MØREHALLEN.

Eg syner til Volda kommune sitt skriv av 4.1. 2016 og vedlegg.

Eg har ingen negativ merknad til Johann Roppen og Audun Kr. Høydal som ansvarlege for skjenking.

Det er ynskjeleg at arrangør har vande, godkjende vakter ved publikumsinngang.

Vidare må det ligge føre uttale frå Volda kommune v;brannsjefen, i høve tal på gjestar sett i tilhøve til lokalet og rømingsvegar. Arrangør må med andre ord ha særskilt løyve frå brannsjefen/Volda kommune.

Med dette etterhald tilrår eg arrangementet.

Eg ynskjer utarbeidd eit kartutsnitt der det vert avmerka korleis arrangør har tenkt å regulere området:

Moment:

Parkering
Toalett (kapasitet må vere god).
Publikumssluser/inngang
Rømingsvegar
Vaktpostar
Hjelpepost/førstehjelp.

Vakter bør ha radiokommunikasjon, og arrangør må ha nok kapasitet til trafikkregulering. Det er ynskjeleg med minst mogleg parkering ved stadion/Mørehallen. Arrangementet sin publikumstilkomst må vere langs avkjørsle til Volda stadion.

Møre og Romsdal Politidistrikt

Ålesund
Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 ÅLESUND
Besøk: Nedre Strandgate 50

Tlf: 70 11 87 00
Faks: 70 11 87 02
E-post: post.moreogromsdal@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

Utrykkingskøyrety må vere sikra lett, og trygg tilkomst. Uteområde der det er samla mykje folk må vere godt opplyst.

Seinast i sutten av august ber eg om at det vert halde eit møte mellom arrangør, Volda kommune v/ brannsjef og politi for gjennomgang av plan.

Eg tilrar at arrangør gjer avtale med andre som eig parkeringsplassar i Volda sentrum, slik at tilreisande kan synast til parkeringsplassar i nærleiken.

Med heimel i politilova sin §25 tek eg etterhald om at arrangør må dekke kostnad med ei ekstra politipatrolje medan arrangementet gjeng føre seg. Patruljen vil då i hovudsak halde seg nær arrangementstaden.

Med helsing

Guttorm Hagen
Lensmann i Volda og Ørsta



Møre og Romsdal politidistrikt

Volda og Ørsta lensmannskontor

Telefon: 70 11 61 08

E-post: guttorm.hagen@politiet.no

Postadresse:

Volda og Ørsta lensmannskontor
Torvmyrane 11B,
6160 Hovdebrygda

Oversending til Volda kommune.

Eg er positiv til søknaden.

Det må arbeidast vidare med plan for arrangementet.

Merk:

Det må ligge ved særskilt løyve frå brannsjefen/Volda kommune.

Kopi også sendt arrangør.

Guttorm Hagen, lensmann



NOTAT

Interne mottakarar:

Servicekontoret Bente Engeseth

**Sak: Skjenkeløyve - VTI Fotball - konsert med DDE og Loveshack - 03.09.16 i
Mørehallen**

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/2495	4253/2016	U63	BRA/ROYHEL	11.04.2016

UTTALE I SAMBAND MED ARRANGEMENT I MØREHALLEN 03.09.2016

Lensmann Gutterm Hagen har i samband med søknad om skjenkeløyve for arrangementet i Mørehallen bede om ei uttale frå brannsjefen med tanke på tal publikum og branngryggleik.

VTI har den 29.03.2016 fått utarbeida ei brannteknisk analyse for auka publikumstal ved store arrangement i Mørehallen. Analysen er utarbeida av "Brann og sikkerhetsrådgivning AS" og godkjent av utviklingssjefen i samråd med brannsjefen i kommunen.

Analysen legg til grunn at, med særskilte tiltak, så kan det vere inntil 2500 publikum inne i hallen og i tillegg 300 ute. Tal publikum inne i bygget er basert på ei berekning som viser at det gjennom eksisterande rømingsvegar i tillegg til open port skal kunne evakuerast 2500 personar i løpet av 5 min 5 sek, og i tillegg ha ein sikkerheitsmargin på 4 minutt. I tillegg til dei branngryggingstiltaka som allereie er i bygget legg analysen til grunn at arrangøren skal ha vakt ved kvar utgang, vakt ved kvar brannslange, samt ei vakt pr 100 publikum fordelt rundt om i lokalet.

Når VTI no har fått utarbeida ei slik analyse og fått godkjent publikumstalet er slike arrangement ikkje søknadspliktige, men meldepliktige etter §7 i brannloven. Dette er det gjort greie for i e-post til VTI v / Kenneth Nydal m/fleire datert 01.04.2016.

Ut frå dette har brannsjefen ikkje merknadar til arrangementet og tal publikum men føreset at arrangøren har gode rutiner/instruksar for opplæring av vakter, at rømingsvegar og brannslokkingstyr ikkje vert blokkert, rutiner for at publikumstal inne ikkje overstig 2500 og at det ikkje vert gjort tiltak inne i hallen som aukar det spesifikke brannbelastninga ut over det som er oppgitt i den branntekniske analysen.

Med helsing

Roy Inge Heltne
brannsjef



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Bente Engeseth	Arkivsak nr.:	2016/419
		Arkivkode:	U63

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
24/16	Driftsstyret	11.05.2016

SKJENKELØYVE - AUSTEFJORDHELG 10.06.2016

Administrasjonen si tilråding:

1. *Med heimel i alkohollova § 1- 6, får Austefjordhelg (org nr 913424670) skjenkeløyve, for alkoholgruppe 1 og 2, fra kl 22.00 til kl 02.00, i høve dans under arrangementet Austefjordhelg. Løyve gjeld den 10. juni 2016 (natt til 11. juni) i Austefjorden, på området som er spesifisert i vedlagt kartteikning.*
2. *Styrar for skjenkeløyvet vert sett til: Janita Førde, f. 22.08.91.*
3. *Stedfortredar for skjenkeløyvet vert sett til: Victoria Leite Høydal, f. 27.02.91.*
4. *Det vert stilt vilkår jf. alkohollova § 4-3 om 18-års aldersgrense på areal der det vert skjenka alkoholhaldig drikk.*
5. *Avgift for løyvet vert sett til kr. 1000,- og er i samsvar med forskrift av 08.06.05 kap 6 § 6-1. Avgifta skal vere betalt før arrangementet finn stad. Den kan betalast kontant på rådhuset v/rekneskapsstaben, eller setjast inn på kto. nr.: 3991.07.81727. Ved bruk av konto, merk med saksnr. 2016/419.*

Vedleggsliste:

Søknad

Teikning

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016

Uprenta saksvedlegg:

Alkohollova

Alkoholforskrifta

Samandrag av saka:

Då det kan vere grunnlag for fortolking av gjeldande ”Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016, Løyvepolitikken” vert denne saka sendt til politisk handsaming.

Volda kommune mottok søknad om skjenkeløyve frå Austefjordhelg, org nr 913424670, den 08.03.2016. Søknaden gjeld 10. juni 2016, kl. 22.00-02.00. Det er søkt om skjenkeløyve på eit avgrensa og inngjerda område i høve arrangement med dans på fredagskvelden. Denne dansen er ein del av arrangementet ”*Austefjordhelg 10.-12. juni 2016*”.

Området det vert søkt for, er på ei fotballbane, jamfør vedlegget kartteikning. Det er ynskje om at resten av arrangementet skal vere ope for ungdom frå 16 år. Dei søker om skjenkeløyve berre for dette avgrensa og inngjerda området, der det skal vere 18-års aldersgrense.

Det kan vere rom for fortolking av ”*Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016*”, punkt 1 og 8 i vedlegget: ”*Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve:*”.

- ”*Alminneleg skjenkeløyve skal ikkje verte gitt til kulturhus og grendehus. Her kan det ved søknad gjevast løyve for slutta lag eller einskildhøve. Det vert ikkje gitt løyve når det er arrangement for unge under 18 år.*”
- ”*Ungdomsklubbar, ungdomsdiskotek, skisenter, svømmehall/badeland og idrettsarenaer er område som tradisjonelt er sett på som rusfrie soner. Desse skal ikkje ha skjenkeløyve.*”

Saksopplysningar:

Den 08.03.16 fekk Volda kommune inn ein søknad der det er søkt om skjenkeløyve i Austefjorden. Det er søkt om skjenkeløyve til ein dans som skal vere på fredagskvelden i høve arrangementet ”*Austefjordhelg 10. -12. juni 2016*”.

I søknaden står det at dette er 6. året på rad for dette arrangementet som vart skipa i 2011 som eit dugnadstiltak for å prøve å profilere bygda og Austefjordområdet på ein positiv måte.

Arrangøren seier at dei har funne ei høveleg form for arrangementet, og dei vil prøve å bygge ein tradisjon for Austefjordhelg. Det er mange aktivitetar i løpet av dette arrangementet.

På kveldstid 10. juni vil det bli arrangert ein dans med bandet Rotlaus. Dei tek sikte på å lage eit ope arrangement for ungdom frå 16 år og oppover med eit avgrensa skjenkeområde der det vil vere 18-års aldersgrense. Ungdom mellom 16-18 år vil kunne opphalde seg på eit alkoholfritt område, der dei vil ha høve til å lytte til musikken og nyte ein sosial kveld i lag.

Dansen 10. juni vil bli halde på fotballbana i Austefjorden. Området vil vere avsperra, med opning for inngang til arrangementet. Inne på sjølve området er der ei scene med danseplattin samt fleire telt for å opphalde seg i. Sjølve skjenkeområdet blir avgrensa av anleggsgjerde. For detaljar, sjå vedlegget kartteikning.

Det blir engasjert 30 frivillige som skal hjelpe til som vakter og med sal av mat/mineralvann og øl/vin/cider.

I gjeldande ”*Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016, Løyvepolitikken*”, er der to punkt som gir rom for fortolking.

Jamfør punkt 1 i vedlegget ”*Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve*”, står det: ”*Det vert ikkje gitt løyve når det er arrangement for unge under 18 år.*”

Dersom søknaden vert vurdert ut frå tidlegare praksis, kan ein ikkje gje løyve, i og med at det er eit arrangement for dei under 18 år. Spørsmålet er om ein kan sjå isolert på den delen av søknaden som gjeld skjenkeløyve, eller om ein må sjå heile arrangementet som ein heilskap.

Dersom ein kan tolke det avgrensa området for skjenking som ein avskilt del frå resten av arrangement, kan ein gje skjenkeløyve utan å setje 18 års grense for heile dansearrangementet.

Når ein ser korleis dette er planlagt, så ser ein at det ikkje vil vere fare for langing til mindreårige og dermed unngår ein fare for brot på alkohollova. Det vil likevel vere slik at dei under 18 år kjem i nærleik til skjenkestad, og dermed vil dei ikkje vere skåna frå slik påverknad.

Politiet hadde i sin uttale ikkje anna merknad til saka enn at ein må spesifisere kva areal det er gitt løyve til.

I punkt 8, same vedlegg står det: ”*Ungdomsklubbar, ungdomsdiskotek, skisenter, svømmehall/badeland og idrettsarenaer er område som tradisjonelt er sett på som rusfrie soner. Desse skal ikkje ha skjenkeløyve.*”

Ved vurdering av sjølve arealet, så ser ein at dette er definert som idrettsarena, fotballbana er bygd med støtte frå tippemidlar.

Dette konkrete arrangementet er dans, og ikkje eit idrettsarrangement. Intensjonen i planen er å ikkje blande idrett og alkohol, og det vil ikkje skje ved arrangement på kveldstid når desse ikkje er i bruk i idrettssamanheng.

Vurdering og konklusjon:

I fylge gjeldande ”Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2012-2016, er der føringar som kan gi rom for tolking når det gjeld dette arrangementet. Spørsmålet er om ein skal sjå heile arrangementet under eitt, eller om ein kan skilje mellom dei ulike delane.

Når ein studerer søknaden, så ser ein at det berre er søkt om skjenkeløyve for eit lite inngjerda område i eine enden av grusbana.

Slik administrasjonen ser det, så vil det vere mogleg å få til dette arrangementet slik det er tenkt utført, utan fare for brot på alkohollova. Politiet hadde heller ikkje merknad til søknaden, anna enn at det må vere spesifisert at det er 18-års aldersgrense på det avgrensa skjenkeområdet.

Der er også eit punkt i planen om at idrettsarena ikkje skal få skjenkeløyve. Sidan det her er snakk om dansearrangement og ikkje idrettsaktivitet, vil dette ikkje vere ein kombinasjon av idrett og alkohol.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege konsekvensar for helse og miljø.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje relevant.

Naturmangfaldlova:

Ikkje relevant.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak, med klagerett i samsvar med alkohollova § 1-16 kap. 1.

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Janita Førde, Osgarden 5B, 6103 VOLDA

Victoria Leite Høydal, Dalvegen 77, 6110 AUSTEFJORDEN

Volda og Ørsta lensmannskontor, Torvmyrane 11B, 6160 HOVDEBYGDA

Securitas AS, Postboks 8225 Spjelkavik, 6022 ÅLESUND

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Volda kommune

Telofon: 70 05 87 00

E-post: postmottak@volda.kommune.no

Hjemmeside: http://www.volda.kommune.no

Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)

Bevilling
Det er ikke nødvendig å søke bevilling for skjenking av alkohol til arrangementer som opprinnelig kunne ha vært holdt hjemme, for eksempel bryllup, jubileum, konfirmasjon eller lignende, når skjenkingen skjer uten betaling. Bedrifter som skjenker i egne lokaler til sine ansatte uten å ta betaling, trenger ikke søke bevilling. Dette gjelder ikke organisasjoner og lignende som leier et offentlig lokale til feiring av for eksempel foreningens jubileum. Disse arrangementene er bevillingspliktige.
Søknaden gjelder
<input type="checkbox"/> Ambulerende bevilling (til deltakere i lukket arrangement), jf. alkhl. § 4-5
<input checked="" type="checkbox"/> Bevilling for én enkelt anledning (til deltakere i åpent arrangement), jf. alkhl. § 1-6
Det er utarbeidet internkontroll for arrangementet
<input checked="" type="checkbox"/> Ja
<input type="checkbox"/> Nei

Opplysninger om bevillingssøker			
Bevillingssøker er			
<input checked="" type="checkbox"/> organisasjon registrert i Enhetsregisteret			
<input type="checkbox"/> enkeltpersonforetak/forening uten organisasjonsnummer			
<input type="checkbox"/> privatperson			
Org.nr. 913424670	Navn på virksomhet AUSTEFJORDHELG		
Adresse Sunndalsvegen 149	Postnr. 6110	Poststed AUSTEFJORDEN	
Telefon 93616031	E-postadresse (firma) Janitaforde@hotmail.com		
Skattekommune VOLDA			
Bevillingssøker er:			
Etternavn Førde	Fornavn Janita	Fødselsnr.	
E-postadresse, kontaktperson/bevillingssøker Janitaforde@hotmail.com		Mobilnr., kontaktperson 93616031	

Styrer og stedfortreder			
Det kan gjøres unntak fra kravet om stedfortreder når det vil virke urimelig bl.a. av hensyn til skjenkestedets størrelse.			
Styrer/hovedansvarlig (må være en fysisk person over 20 år)			
Etternavn Førde	Fornavn Janita	Fødselsnr.	
Adresse Osgarden 5b	Postnr. 6103	Poststed Volda	
Telefon 93616031	E-postadresse Janitaforde@hotmail.com		
Stedfortreder for styrer/hovedansvarlig (må være en fysisk person over 20 år)			
Etternavn Leite Høydal	Fornavn Victoria	Fødselsnr.	
Adresse	Postnr.	Poststed	

Skjenkebevilling - søknad om beviling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)

dalvegen 77	6110	Austefjorden
Telefon		

Arrangementsstedet

Stedets navn Austefjord		
Adresse Austefjord	Postnr. 6110	Poststed Austefjorden
Telefon 97012193		
Eier/utleier - fylles bare ut dersom dette er naturlig:		
Eier/utleier - etternavn	Eier/utleier - fornavn	Telefon

Ønsket skjenking

Søkes det om skjenking av alkohol i gruppe 3, gjelder også søknaden for gruppe 1 og 2.

Gruppe 1 (2,5 - 4,7 prosent. Tilsvarer øl)

- Skjenking inne
- Skjenking ute
- Ønsker skjenking innenfor kommunens maksimaltid

Fra kl.	Til kl.
---------	---------

Fra kl. (ute) 22.00	Til kl. (ute) 02.00
------------------------	------------------------

Gruppe 2 (4,7 - 22 prosent. Tilsvarer vin)

- Skjenking inne
- Skjenking ute
- Ønsker skjenking innenfor kommunens maksimaltid

Fra kl.	Til kl.
---------	---------

Fra kl. (ute) 22.00	Til kl. (ute) 02.00
------------------------	------------------------

Gruppe 3 (22 - 60 prosent. Tilsvarer brennevin)

- Skjenking inne
- Skjenking ute
- Ønsker skjenking innenfor kommunens maksimaltid

Fra kl.	Til kl.
---------	---------

Opplysninger om arrangementet

Beskrivelse av arrangementet

Søke om skjenkeløyve til dans på fredagskvelden av Austefjord-helg 10.-12. juni 2016.

Dette er 6. året på rad for dette arrangementet som vart skipa i 2011 som eit dugnadstiltak for å prøve å profitere bygda og Austefjordområdet på ein positiv måte. Vi har funne ei høveleg form for arrangementet, og vi vil prøve å bygge ein tradisjon for Austefjordhelg.

Det som er spesielt for denne dugnaden er samarbeidet på tvers av kultur og tradisjonar i bygda. Sokneråd og misjonslag hand i hand med ungdomslag og idrettslag for å få dette til. Det er 11 lag og organisasjoner som samarbeider om arrangementet Austefjordhelg. Vi legg vekt på underholdning i eit breitt folkeleg omfang, med vekt på barnefamiliar.

Årets program startar som åra før på Fredag kveld med motortreff. Laurdag er det ymse aktivitetar som underhaldning frå scene, hesteriding, matsalg, museumslaget har aktivitetar, hoppeslott, utstilling av dyr. Om kvelden er det dans. Programmet på søndag er familievennleg med fjell og natur som tema.

Motortreff er eit av arrangementa under Austefjord-Helg og vil omfatte heile fredagen 10.juni. På dagtid er det eit arrangement med hovudfokus på ungdom, men også med innslag og underhaldning for dei yngste. Det vil vere biltreff med kåringar, samt underhaldning med burning mot kvelden. På kveldstid vil det bli arrangert ein dans med bandet Rotlaus. Ein vil

Skjenkebevilling - søknad om beviling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)

ta sikte på å lage eit ope arrangement for ungdom frå 16 år og oppover med avgrensa sjenkeområde. Ungdom mellom 16-18 år vil kunne opphalde seg på eit alkoholfritt område, der dei vil ha høve til å lytte til musikken og nyte ein sosialkveld i lag.

Dansen 10. juni vil bli holdt på fotballbana i Austefjorden. Området vil vere avsperra, med opning for inngang til arrangementet. Inne på sjølve området er der ei scene med dansesplattin samt fleire telt for å opphalde seg i. Sjølve skjenkeområdet blir avgrensa av anleggsgjerde som vi får låne av Saure Maskin. For tydlegare bilete av dette og mål på område, sjå vedlagt bilet av område.

Det blir engasjert 30 frivillige som skal bistå som vakter og med sal av mat/mineralvann og øl/vin/cider.

Legg ved bilet over område, der eg har teikna på korleis vi ønske det skal sjå ut. Har ikkje hatt på mål, men kan ordne dette om ønskeleg.

Mer informasjon om arrangementet (hvis for liten plass ovenfor):

Last opp fil	<input type="checkbox"/> Ettersendes <input checked="" type="checkbox"/> per post
--------------	--

Tidsrom og antall personer

Fra dato 10.06.2016	Til dato 11.06.2016	Antall personer 100
------------------------	------------------------	------------------------

Vil det bli avkrevet betaling for arrangementet?

- Ja
 Nei

Bekreftelse

Bekrefte

Jeg bekrefter at opplysingene er riktige, og forplikter meg til å besørge at bestemmelsene i alkoholloven og dens forskrifter blir overholdt.


Vedleggsoversikt

Vedlegg som skal følge søknaden

Vedlegg

Beskriv Oversikt	Last opp vedlegg internkontroll.odt	<input type="checkbox"/> Ettersendes per post <input checked="" type="checkbox"/> per post
Beskriv Bilde over området	Last opp vedlegg 12171340_101538363 25470944_68006292_ o.jpg	<input type="checkbox"/> Ettersendes per post <input checked="" type="checkbox"/> per post

- 1 - Camp/parkering.
- 2 - Skjenkeområde, avsperra med anleggsgjerde.
- 3 - oppholdstelt i skjenkeområde
- 4 - telt, med alkoholsalg inn på skjenkeområde og matsalg ut på området.
- 5 - Oppholdstelt på alkoholfritt område
- 6 - Oppholdstelt på alkoholfritt område
- 7 - Danseplatt
- 8 - Scene
- 9 - Innngong til skjenkeområde
- 10 - Innngong til arrangementet/ bilettsal



Eg tilrår søknaden.

Eg har ingen negativ merknad til dei ansvarlege.

Det er viktig at skjenkearealet er klart definert, avgrensa.

Stemneområdet nær skjenkeareal – fotballbanen - bør såleis vere definert som alkoholfritt.
Sidan der er mindreårige.

14.4. 2016

Guttorm Hagen, lensmann

Fra: Bente Engeseth [mailto:Bente.Engeseth@volda.kommune.no]

Sendt: 14. april 2016 11:36

Til: Guttorm Hagen

Emne: VS: Arkivsak 2016/419 Bed om uttale i høve skjenkeløyve Austefjordhelg 10.06.16

Hei –

Her kjem søknaden frå "Austefjordhelg" igjen, denne gangen med kartteikning av skjenkearealet.

Håper på ganske rask tilbakemelding. Søkjar vil vite om dei får løyve og korleis det blir, så dei kan kome i gang å marknadsføre arrangementet.



Bente Engeseth
konsulent
sektor kultur og service
Tlf 932 88 032
www.volda.kommune.no

Fra: Bente Engeseth

Sendt: 1. april 2016 15:07

Til: 'Postmottak PDI Sunnmøre'

Kopi: Guttorm Hagen

Emne: Arkivsak 2016/419 Bed om uttale i høve skjenkeløyve Austefjordhelg 10.06.16

Hei

Bed om uttale i samband med søknad om skjenkeløyve.

Sjølv om det er ei stund fram i tid, så vil dei gjerne ha svar så tidleg som råd. Dei vil gjerne i gang å annonsere for arrangementet. Dei er spent på om dei får ha arrangementet slik dei søkjer, med eige område for skjenking og resten ope for ungdom ned til 16 år.

Sjå kva som står i søknaden.

Det manglar teikning over skjenkearealet. Det vert ettersendt over helga. Postmottaket klarte ikkje å opne vedlegget, så dei må sende på nytt.



Bente Engeseth
konsulent
sektor kultur og service
Tlf 932 88 032
www.volda.kommune.no



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Astrid Gjersdal	Arkivsak nr.:	2014/404
		Arkivkode:	004

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
25/16	Driftsstyret Kommunestyret	11.05.2016

ÅRSMØTE FRIVILLIGSENTRALEN 2016

Administrasjonen si tilråding:

Styret i Frivilligsentralen (Driftstyret) rår årsmøtet (Kommunestyret) til å gjere følgjande vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap 2015 slik det ligg føre.
2. Årsmøtet godkjenner framlagt arbeidsplan for 2016/2017.

Vedleggsliste:**Uprenta saksvedlegg:****Samandrag av saka:****Saksopplysningar:**

I vilkåra for å motta statstilskot til drift av frivilligsentralar ligg mellom anna kravet om at sentralen skal ha eit styre, og det skal gjennomførast årsmøte. Dette kravet har si årsak i at frivilligsentralane i landet har ulike eigarformer. Då Volda kommune overtok drifta av

frivilligentralen i Volda i 2012, samstundes med at den tidlegare stiftinga vart oppheva, vedtok kommunestyret å la sentralen inngå i den øvrige kommunale organisasjonen. I 2014 vart frivilligentralen ein del av sektor kultur og service. Driftsstyret er sentralen sitt formelle styre, og kommunestyret årsmøte.

Det vert her lagt fram arbeidsplan for 2016 og 2017. På denne måten vil ein ha politisk godkjenning av den arbeidsplanen det vert søkt driftstilskot til i år. Fristen for å søke statleg driftstilskot for 2017 og sende rapport for 2015 sett til 31. juni.

ÅRSMELDING, STIFTINGA FRIVILLIGSENTRALEN I VOLDA 2015

Frivilligentralane er aktive støttespelarar for å skape gode levande lokalmiljø og koordinere lokalt engasjement, nærmiljøutvikling og kulturelt mangfald.



Frivilligentralen i Volda er ein av dei 383 statleg støtta frivilligentralane i landet, som skal medverke til å samordne den frivillige innsatsen som privatpersonar og frivillige organisasjonar i kommunen utfører, og dermed styrke og fremje det frivillige arbeidet.

Årsmøtet 2015

Driftsstyret har vore styre for frivilligentralen, og kommunestyret årsmøte. Årsmøte for sentralen var 4. mai, der kommunestyret tok årsmeldinga til vitende og vedtok arbeidsplanen for 2015/16. Årsaka til at det vart gjort slik, er at ein i inneverande år rapporterer for året som har gått og søker statsmidlar for året etter.

Rekneskap og budsjett følgjer kommunen elles. Astrid Gjersdal har i meldingsåret hatt 100% stilling som dagleg leiar.

I eit arbeidsfelt som kviler på frivillig innsats vil ein arbeidsplan vanskeleg vere anna enn ein intensjonsplan, då ein ikkje kan stille krav eller setje sanksjonar overfor frivillige, slik ein gjer til tilsette. Eit anna karaktertrekk med det frivillige feltet er at det stadig er i endring, det vert dermed ofte ikkje slik som ein trur på førehand. Nye menneske og konstellasjonar gir nye problemstillingar, og ein må følgjeleg skifte fokus. Arbeidsplanen frå 2015 hadde dermed nokre punkt som ikkje vart gjennomførte, årsmeldinga omtalar sameleis tiltak som ikkje sto i arbeidsplanen.

Frivilligentralane har som ei av sine primære oppgåver å bidra til **møteplassar**. Kort oppsummert i eigen regi:

- Månadlege mat og prat-arrangement frå januar til mai på samfunnshuset, annankvar veke frå august til jul. Tiltaka har vore i samarbeid med Re:act.
- Frå september har vi i samarbeid med Volda folkebibliotek hatt tiltaket ”Lån ein Volding”. Kvar laurdag har voldingar lånt seg ut til samtalar og norsktrening for innvandrarar.
- Julefesten 1. juledag, som dette året var tilbake til kafeen på Volda Omsorgssenter. Om lag 60 gjestar deltok, og 10 frivillige. Som tidlegare vart festen støtta av næringslivet i Volda.

Frivilligentralane skal, i samsvar med dei gjeldande retningslinene ha ein **koordinering-og samordningsfunksjon**. I 2015 i følgjande tiltak:

- Den årlege tv-aksjonen, dette året til Regnskogfondet. Naturvernforbundet var samarbeidspartnar her lokalt.
- Den kulturelle spasèrstokken. Frivilligentralen har, i lag med ein komité på 3 personar hatt ansvar for å søke og rapportere, og å organisere tilbodet ut til eldre-og omsorgsinstitusjonane. Ca 25 ulike program vart tilbode dette året, for eit tilskot på kr 107 116.
- Frivilligentralen har fått sekretærfunksjonen for det nye styret for dei kommunale idrettslokala, som fordeler treningstider.
- Eit anna nytt felt som er tillagt frivilligentralen er oppfølging av 17-mainemnda i sentrum.
- Kulturminnedagane. Biblioteket og frivilligentralen tok initiativ til å markere kulturminnedagane i september, som hadde temaet ”nabolaget”. Temaet vart markert med eit arrangement på Volda Omsorgssenter, der vi sette i fokus nabolaget før og no, og på tvers av kulturar. Utstilling av gamle Voldabilete sto heile veka.
- Dagleg leiar er kontaktperson for Idrettsrådet, og møter på styremøta
- Fleire lag har fått hjelp til å registrere laget i frivilligregisteret/Brønnøysund
- Dagleg leiar har vore sekretær for frivilligprisnemnda, prisen gikk dette første året til Øystein Bakke
- Frivillige medverka i lag med bebruarane til rydding og plenslått kring dei kommunale bustadane i sommar
- Frivilligentralen tok utfordringa frå X2-festivalen om å lage ei multisportløype. Mange, både lag og einskildpersonar samarbeidde om dette, som er eit heilt nytt konsept i Volda..
- Det har vorte formidla tenester som plenklipping og snømoking. Det er asylsøkarar og flyktingar som tek slike oppdrag, og den som tek imot hjelpa vert oppmoda om å by på kaffi og ein prat til gjengjeld. Alle forerespørslar om hjelpetenester som har kome inn, har vorte imøtekommne.

Mangfold og inkludering, er eit felt frivilligentralane særskilt skal rapportere på. Vi meinat at dette står som ein paraply over det meste av det vi engasjerer oss i, men trekkjer her fram i 2015:

- Vi var medarrangør av informasjonsmøte på Samfunnshuset i september i høve mottak av flyktingar. Møtet, som samla over 300, var eit samarbeid mellom mottaket og fleire aktørar i

Volda kommune og ga mange positive etterspel når det gjeld engasjement for flyktninger og asylantar.

- 10 nye flyktningguidekoplingar har vorte gjennomført i 2015. Dette er rekord på eit år.
- Frivilligsentralen inviterte også dette året innvandrarar til å delta i festivallivet, hovudsakleg i Nynorske festpela og i multisportkonkurransen i X2.
- Sommarprogrammet var nytt av året, og ideen kom frå Team five. Målet for programmet var å skape ein kjekkare sommar for barnefamiliar som ikkje reiser bort frå Volda. Målgrupper var generelt barnefamiliar, og vart mest nytta av innvandarfamiliar. Vi marknadsførte det hovudsakleg gjennom barnevernet, helsestasjonen, læringssenteret og asylmottaket. I samarbeid med 14 ulike aktørar vart det gjennomført i alt 16 aktivitsdagar for i alt ca. 400 deltagarar.
- Det har også dette året vore etterspørsel frå innvandrarar om hjelp til øvingskøyring, og det har kome til to nye frivillige øvingssjåførar.

Innovasjonsskulen

- Frå hausten av har Astrid Gjersdal, som ein av tre studentar frå Volda kommune delteke i innovasjonsstudiet i regi av Høgskulen i Lillehammer. Studiet er knytt til nasjonal satsing på innovasjon i kommunane. Volda har valt ”Entreprenørskap som integreringsverktøy” som tema for innovasjonscaset, og spissa det til ”Korleis skal busette flyktningar kunne skape eigne arbeidsplassar?” Målet med studiet er, gjennom å tilrettelegge ein innovasjonsprosess på eit felt med behov for ny handling, å lære eit verktøy, og å dele det med resten av organisasjonen. Studiet vert avslutta i mai 2016.

Dagleg leiar har elles delteke i:

- 4 nettverkssamlingar
- Stiftingsmøte for landsforeninga for frivilligsentralar, juni
- Regionmøte TV-aksjonen, september
- KS-samling i Oslo, desember
- 2 samlinga i Søre Sunnmøre kulturleiarforum

Faste samarbeidsforum:

- Styringsgruppa for StudiebygdA
- Søre Sunnmøre Kulturleiarforum
- Nettverk sore Sunnmøre

Arbeidsplan 2016-17

Som ein del av sektor kultur og service er det eit mål for frivilligsentralen å medverke positivt til at kompetanse, ressursar og nettverk kan sameinast for å få best mogeleg utteljing for publikum.

Frivilligsentralen i Volda disponerer ikkje eigne lokale. Det er dermed ein føresetnad for å byggje møteplassar at vi får disponere eit mangfald av kommunale lokale med minst mogelege restriksjonar/hindringar.

Tiltak for å skape møteplassar og tiltak for inkludering og mangfald er langt på veg samanfallande, dermed vert dei her slått saman:

- Ta initiativ til og støtte opp om aktuelle kurs-og opplæringstiltak for frivillig sektor, samt servicetiltak som hjelp til registrering og å söke tilskot
- Som del av partnarskapen til StudiebygdA medverke til å styrke samhandling mellom studentar og fastbuande. Konkrete planar er:
 - Medverke til samfunnsdagar
 - Julefesten 1. juledag
- Marknadsføre og følgje opp samarbeidstiltaka Flyktningguiden, Lån ein volding, Mat og prat og det fleirkulturelle ”Stemne”
- Arrangere sommaraktivitetar for barnefamiliar i samarbeid med aktuelle aktørar
- Medverke til utviklinga av Kimen sosial entreprenør
- Vere praktisk bidragsytar til arrangement og festivalar i kommunen der dette vert etterspurt
- Formidle praktisk hjelp til einskildpersonar der dette vert etterspurt og der hjelparar kan skaffast

Koordinerande og administrative funksjonar:

- Koordinere TV-aksjonen
- Koordinere den kulturelle spasérstokken
- Ha sekretærfunksjon for hallstyret og frivilligprisnemnda
- Initiere samarbeid om markering av kulturminnedagane
- Markere frivilligdagen i samarbeid med nettverket av frivilligsentralar
- Ta initiativ overfor FAU om natteravnar i aktuelle periodar

Grunnlag:

- Halde ei open dør for publikum og vere tilgjengeleg for lag og einskildpersonar
- Skape arena for å utvikle nye tiltak der kommunen og frivillige samhandlar

Ufordringar framover

I tilsagnsbrevet for 2016 står følgjande:

Overføring av ansvar til kommunene

I Meld.St.14 (2014-2015) "Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner", ble det lagt frem et forslag for Stortingets kommunal- og forvaltningskomite i juni 2015 om å overføre ansvar for tilskudd til frivilligsentralene til kommunene. Komiteen viser i sin innstilling (Innst. 333 S – 2014-2015) til "at ordningen med tilskudd til frivilligsentraler har bidratt til å skape sosiale møteplasser og lagt til rette for frivillig virksomhet over hele landet". Komiteen "mener at tilskuddet til frivilligsentralene bør overføres til kommunene", at "midlene bør øremerkes og økes i en opptrappingsperiode for å styrke frivilligsentralene" og at "dette gir forutsigbarhet og mulighet til å styrke en sektor vi har et felles engasjement for."

Saken vil bli nærmere omtalt i kommuneopposisjonen for 2017, som legges frem for Stortinget våren 2016. Kulturdepartementet vil legge ut nærmere informasjon på hjemmesidene (regjeringen.no/kud) om krav til rapportering m.m. for tilskudd mottatt i 2016.

Denne omlegginga av tilskotet til frivilligsentralane har uroa både tilsette og styre i frivilligsentralane kring i landet. Uroa knyter seg til kva som vil skje om øremerkingsa av tilskotet fell bort og det går inn i den kommunale ramma. Etter som frivilligsentralane ikkje er eit lovpålagt tiltak vil det i så fall kvile på administrasjon og politikarar kor tungt verdien av arbeidet som vert utført gjennom sentralane vil vege i prioriteringa framover. Omlegginga vert tilrådd gjort gjeldande frå 2017.

Vurdering og konklusjon:

Helse og miljøkonsekvensar:

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Naturmangfaldlova:

{Alle tiltak som kan få følgjer for naturen skal verte vurdert etter krava i [naturmangfaldlova](#)}

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Til ny handsaming i driftsstyret 11.05.16

**Notat: Vedtak frå driftstyret sitt møte 09.03.16
Arkivsak 2012/536**

**PS 14/16 Orientering om politisk handsaming i formannskapet OS 16/16 -
Notat politisk organisering driftsstyret**

Handsaming:

Driftsstyret er førebels positive, men ynskjer meir informasjon, og deretter sjansen til å drøfte saka på ny.

Leiar i driftsstyret får fullmakt til å bestille ny sak frå rådmannen.

Driftsstyret ynskjer vidare avklaring og tankar rundt fordeling av oppgåver og form på det nye utvalet.

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 09.03.2016

Driftsstyret er førebels positive, men ynskjer meir informasjon, og deretter sjansen til å drøfte saka på ny.

Leiar i driftsstyret får fullmakt til å bestille ny sak frå rådmannen.

Driftsstyret ynskjer vidare avklaring og tankar rundt fordeling av oppgåver og form på det nye utvalet.



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

NOTAT

Frå: Rådmannen

Sak: Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering

Arkivsak nr. 2012/536 *Løpenr.* 1359/2016 *Arkivkode* 031 *Avd / Sakshandsamar* ADM/ASBMOL *Dato* 04.02.2016

NOTAT - POLITISK ORGANISERING - DRIFTSSTYRET

Bakgrunn for at saka no kjem opp:

I samband med folkevaltopplæringa i fjar haust drøfta ein mellom anna den politiske organiseringa i kommunen og i den samanheng m.a. **driftsstyret sitt område, omfang og oppgåver**.

Rådmannen oppfatta signal om at ein ynskjer ein nærmare gjennomgang av dette området for å sjå om det er trond om ei endring.

Rådmannen legg difor med dette fram eit notat for formannskapet som grunnlag for ei nærmare drøfting. I fall formannskapet ynskjer å gå vidare med saka, kan notatet leggast fram for driftsutvalet for vidare drøfting og attendemelding.

På bakgrunn av desse drøftingane kan så administrasjonen legge fram ei formell sak for politisk handsaming. Sak om revisjon av delegeringsfullmakter vil bli lagt fram som eiga sak ut frå resultatet av den politiske handsaminga.

Grunnlag:

Gjeldande politisk organisering vart vedteken av kommunestyret den 24.09.14, sak PS 126/14:

1. Kommunestyret vedtek følgjande formål og oppgåvedeling for dei politiske utvala:

<i>Utval</i>	<i>Formål</i>	<i>Hovudoppgåver/saksområde</i>
<i>Formannskapet</i>	<i>Strategisk utvikling</i>	<i>Samfunnsplanar Arealplanar Økonomisk planlegging og økonomisk styring Beredsskap og ROS-analyse Næring Kjøp og sal av eigedomar Bygge- og anleggsprosjekt Infrastruktur og samferdsel Arbeidsgjavarstrategi</i>
<i>Driftsstyret</i>	<i>Tenesteyting og tenesteutvikling</i>	<i>Sektorplanar/temaplanar Analyse av tenestene Driftsrapportar Prinsipielle saker om tenesteyting Forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomar</i>
<i>Forvalningsstyret</i>	<i>Myndighetsforvaltning</i>	<i>Enkeltsaker innanfor landbruk, areal-disponering, dispensasjonar, byggjeløyve, matrikkel, brann, motorferdsel, bevillingar, lokalt vegmynde, forureining, vatn og avløp, hamn og farvatn Klagehandsaming i saker etter plan- og bygningslova, jordlova og konsesjonslova.</i>



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

2. Alle tre utvala har likeverdig innstillingsrett, bortsett frå at driftsstyret og forvalningsstyret ikkje har slik innstillingsrett i budsjett- og økonomisaker.
3. Byggjenemnda vert etter kommunelovgjevinga endra til eit reint politisk organ.
Byggjenemnda skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer. Desse vert valt av kommunestyret og nemnda sorterer direkte under formannskapet. Byggjenemnda styrer prosessane med planlegging og gjennomføring av byggjeprosjekt og koplar inn brukarar, fagpersonar mv.
4. Delegeringsfullmakter tilpassa strukturendringane skal leggjast fram for kommunestyret for godskjenning.
5. Volda kommune praktiserer forvalningslova sin normale saksgang via underinstans til fylkesmannen som klageinstans ved klagesaker utløyst etter særlov.
Volda kommune praktiserer forvalningslova sin normale saksgang gjennom underinstans til fylkesmannen for saker som vert handsama etter særlov.
Dette gjeld ikkje for saker etter plan- og bygningslova, jordlova og konsesjonslova der klagene skal handsamast i forvalningsstyret før klagene går vidare til fylkesmannen.
6. Klagenemnda i klientsaker ved lagt ned.

Medlemane i driftsutvalet gav i førre periode uttrykk for at dei hadde ynskje om å gå nærmare inn på ulike tema og drøfte problemstillingar innanfor tenesteområda.

Oversikta over politiske saker i dei ulike utvala dei siste åra viser at det har vore ein samla auke politiske saker frå 2011 til 2015 på 133 saker. Kommunestyret, formannskapet og forvalningsstyret har alle hatt vekst i saker, medan driftsstyret har hatt ein reduksjon i tal saker. (Endring av saker i perioden 2011 – 2015: kommunestyret + 106, formannskapet + 37, driftsstyret – 31 og forvalningsstyret + 21)

I dette notatet er det difor spesielt driftsstyret sitt saksområde, omfang og oppgåver som vert teke opp til drøfting.

Ein kommune må finne ein balanse mellom effektiv struktur som sikrar eintydig styring retta mot effektiv forvaltnings- og strategisk utvikling og demokratisk deltaking.

Hovudoppgåver/saksområde

I ovannemnde vedtak (PS 126/14) forsøkte ein å ”rydde” i formålet og **Hovedoppgåver/saksområdet for formannskapet, driftsstyret og forvalningsstyret**. Dette medfører større fokus på **tenesteyting, tenesteutvikling og strategiutvikling** for driftsutvalet.

Oppgåver som Sektorplanar/temaplanar, Analyse av teneste (dekningsgrad, behov, ressursbruk og strategi), driftsrapportar, forvaltning og drift av eigedomar,
er store og komplekse oppgåver som det er viktig at politikarane får høve til å setje seg godt inn i og sjå samanhengar. Ein bør difor legge til rette for at det politiske utvalet til dømes kan arbeide med tema eller problemstillingar innanfor eit område og leggje fram ei melding evt. sak til kommunestyret. Dette er såleis heilt i tråd med dei signala driftsutvalet i førre periode gav uttrykk for.

Ulempa ved ein slik modell er at ansvarsområdet for dagens driftsstyre truleg bli for stort, og det vert eit vakuum mellom politikk og administrasjon. Ansvarsområdet for dagens driftsstyre gjer det også vanskeleg å følgje opp driftsstyret på ein god nok måte frå administrasjonen.

For å bøte på det kan ein t.d. skissere ei **deling av driftsstyret** ved at ein tenkjer seg to tenesteutval.

1. Tenesteutval helse- og omsorg (THO)
2. Tenesteutval barn og unge (TBU)




VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Ved ei slik oppdeling kan t.d **oppvekstsjefen** møte fast for utvalet for barn og unge, **og helse-/omsorgssjefen** for utvalet for helse og omsorg. Andre sektorsjefar kan ev møte i tillegg ut frå saksområde.

Ein mulig modell:



Kanskje kan ei slik deling også vere fornuftig ut frå at driftsstyret i dag har få saker og i all hovudsak vedtakssaker. Truleg er det også mindre behov for å gjere vedtak i enkeltsaker ettersom mykje av det daglege er faglege vert handtert av administrasjonen

I førre periode vart det frå politisk hald kartlagt viktige prinsipp som dei meinte den politiske organiseringa må spegle:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginnsikt*
- *Eit godt omdøme*

Kommunestyret har i tillegg m.a. i samband med budsjett/økonomiplan vedteke **prinsipp for drifta i kommunen**:

- ✓ *Fokus på kjerneoppgåvene.*
- ✓ *Standard som er god nok*
- ✓ *Optimalisere ressursbruken*
- ✓ *Smarte løysingar*
- ✓ *Fokus på budsjettstyring.*

For at ein skal kunne sikre god administrativ og politisk oppfølging av desse prinsippa på dei ulike områda er det naudsynt at ein spissar prioriteringane og ikkje spreier seg på for mange område. Utvala bør vidare kommunisere seg i mellom og sikre at dei arbeider opp mot ein felles strategi som sikrar god styring av kommunen sine ressursar. Dette vil sikre at bestillingar og prioriteringar medverkar til verdiskaping.

I tillegg må ein sikre demokratisk deltaking ved å til nye arbeidsmåtar for å involvere innbyggjarane, invitere til deltaking og partnerskap. Vedtaksorgan som møter og gjer vedtak i ferdigutgreidde saker frå administrasjonen vil i framtida verte supplert og dels også erstatta med



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

andre metodar for førebuing av avgjerdsgrunnlag. M.a vil dette vere viktig i samband med planarbeid og strategiutvikling innanfor dei ulike områda.

Det kan i dag opplevast som at det er gråsone mellom driftsstyret og formannskapet då det går ein del saker som har med drifta å gjere til formannskapet. Dette kan ha samanheng med at saker som gjeld økonomi går til formannskapet. Dersom desse sakene også skal gå til driftsstyret, så får ein ei dobbelt handsaming.

Skal ein få oppfylt prinsippa nemnt ovanfor med politisk oversikt og faginnsikt og i tillegg fokus på økonomistyring innanfor fagområdet vil eg tru at tenesteutvala må kunne sjå heilskapen innanfor tenesteområdet også innanfor økonomien, og då sjølvsagt innanfor dei premissane kommunestyret har lagt i budsjettetsamanheng. Men primært bør tenesteutvala ha som formål å skaffe seg kunnskap om tenestene, utfordringar og om tiltak som påverkar resultata. Tenesteutvala bør ut frå den kunnskapen dei skaffar seg ta tak i utfordringsområde og setje søkelys på dette til dømes gjennom ei meldingssak til kommunestyret. Ved slike initiativ kan dei gi seg sjølve mandat og samarbeide med sektoradministrasjonen i utarbeidinga av meldinga.

For å ta eit døme kunne dette vere ein gjennomgang av tenesteprofilen i helse og omsorg i høve til dagens og morgondagens behov, jfr stikkord på problemstillingar:

- ✓ kostnader og organisering av drifta i høve til normert nivå (statleg utrekning) og samanliknbare kommunar.
- ✓ teneste organisert etter rett kompetanse og på rett nivå - korleis er dette i dag - og kva tiltak vil vere nødvendig å foreslå .
- ✓ førebyggjande tiltak for å redusere behovet for tyngre pleie

Den daglege drifta i sektorane er i hovudsak fagleg utøving som vert gjort av administrasjonen. Det kan vere feil fokus å sjå for seg at tenesteutvala skal få seg framlagt mange enkeltsaker for å kunne gjere vedtak. For å utøve politisk leiarskap bør ein i større grad fokusere på kunnskap om problemstillingane og prosessar for å lyfte desse fram og sjå på tiltak som innspel til budsjett- og økonomiplanprosessane og ev kommunedelplanar.

Tenesteutvala bør sjå samanhengane og derfor også ha kunnskap om den økonomiske utviklinga i tenesteområda. Oppfølginga av budsjettet er delegert til administrasjonen. Dersom det oppstår budsjettavvik, så er det forhold som administrasjonen bør ta opp med formannskapet som har det overordna økonomiske tilsynsansvaret på vegne av kommunestyret. Dette inneber at spørsmål om budsjettdisponeringar og korrigeringar alltid skal gå om formannskapet. Tenesteutvala bør derfor ikke gjevast økonomisk disposisjonsrett over budsjettet, men heller verte orientert for å ha kunnskap om utfordringane.

Etter dagens rapporteringssystem så går økonomirapportane til formannskapet, og tertialrapporten går via formannskapet til kommunestyret. Dei månadsvise økonomirapportane bør framleis gå direkte til formannskapet, men tenesteutvala bør få utskrift av desse. Tertialrapportane (økonomi- og tenesterapportering) bør også som i dag gå direkte til formannskapet som innstiller til kommunestyret, men denne rapporten bør i tillegg gå til tenesteutvala til uttale som vert lagt ved i utsendinga av tertialsaka til kommunestyret.

Notatet vert i denne omgang lagt fram for formannskapet til drøfting.

Orienteringssak

Orienteringssak



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Bente Engeseth	Arkivsak nr.:	2016/346
		Arkivkode:	144

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
74/16	Formannskapet	19.04.2016
12/16	Driftsstyret	11.05.2016
4/16	Ungdomsrådet	18.05.2016

ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN - LØYVEPOLITIKKEN 2016-2020

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet godkjenner at "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, Løyvepolitikken", vert sendt ut på høyring slik den ligg føre i vedlegg 1. Høyringsperioden vert sett til 3 veker.

Vedleggsliste:

1. Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020, Løyvepolitikken. Høyringsutkast.
2. Rusmiddelpolitisk handlingsplan for 2012-2016

Uprenta saksvedlegg:

1. Alkohollova (sjå www.lovdata.no)
2. Alkoholforskrifta (sjå www.lovdata.no)
3. Rettleiar for kommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan
(<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-for-kommunal-rusmiddelpolitisk-handlingsplan>)

Samandrag

Framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan vert lagt fram for utsending til høyring. Det vert lagt opp til at alkoholpolitikken vert handsama som eigen plan, og at den heilskaplege tilnærminga til ruspolitikk vert ivaretake gjennom kommuneplanrevisjonen og oppfølging av kommuneplanen ved eigne temaplanar, handlingsprogram mv.

Saksopplysningar

I framlegget til revisjon av samfunnsdelen i kommuneplanen er det formulert som eige mål at: "Ingen skal ta skade av eigne eller andre sine rusmiddelvanar", og som strategi er det m.a

formulert slik: "Føre ein konsekvent og ansvarleg rusmiddelpolitikk og bidra til ein trygg og ikkje-skadeleg rusmiddelbruk."

Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020 skal ut til høyring, med høyringsfrist 13. mai 2016. Etter at høyringsfristen er ute skal planen vurderast på nytt, der innspela til planen vert tatt med i vurderinga. Planen skal til endeleg handsaming i kommunestyret etter den har vore ute på høyring.

Planen er ei rullering av gjeldande ”Rusmiddelpolitiske handlingsplan for Volda kommune 2012-2016”. Etter alkohollova § 1-7d skal alle kommunar utarbeide alkoholpolitiske handlingsplanar. Planen har endra namn frå Rusmiddelpolitisk handlingsplan til Alkoholpolitisk handlingsplan då denne planen berre handlar om alkoholpolitikken og løyvepolitikken.

Med planen ynskjer ein å utforme ein rusmiddelpolitikk som balanserer næringslivet sine interesser med sosiale og helsepolitiske omsyn. Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid er gjeldande. Alkohollova gjer det mogleg for kommunane å utforme lokal alkoholpolitikk innan lovverket. Planen skal reviderast kvar kommunestyreperiode for å vere oppdatert og aktuell og legge føringar for eit målretta arbeid innan rusfeltet.

Denne planen er utarbeidd av ei interkommunal arbeidsgruppe med mål om å utarbeide ein mest mogleg lik alkoholpolitikk på Søre Sunnmøre. Den interkommunale arbeidsgruppa består av representantar frå kommunane som til dagleg arbeidar med alkohollova og rusrelatert arbeid.

Å ha ein felles plan er særleg tenleg med:

- Felles retningsliner for sals - og skjenketider av omsyn til mellom anna trafikktryggleik i helgane og like vilkår i bransjen i heile regionen.
- Felles kontrollorgan, eller at kontrollorgana har felles praksis når det gjeld frekvens av kontrollar.
- Lik praksis for reaksjonar på brot på alkohollova.
- Gjere vedtak i samsvar med gjeldande lovverk og gjeldande plan.
- Opplæring av løyvehavarar.

Planforsлага til kommunane på Søre Sunnmøre er noko ulike i verbaldelane, men er likelydande i formuleringar om sals- og skjenketider og gebyr. Dei inneholder ganske like reglar om konsept og kva løyve desse kan få. Dei andre kommunane sine planar er å finne på kommunane sine heimesider.

Det har kome ein del lovendringar i alkohollova og alkoholforskrifta. Dei viktigaste er:

- Salstider, kap 3 alkohollova (lov med sal av alkohol på valdagar)
- Løyveperioden, §1-6 alkohollova (kan bestemme at perioden ikkje skal opphøyre men gjelde vidare for ei ny periode på **inntil** 4 år med opphør seinast **30. september**)
- Alkoholreklameforbodet, kap 14 forskrifta
- Nytt prikktildelingssystem, kap 10 forskrifta
- Nye krav til kontrollørar og kontroll av skjenkestad, kap 5 og 9 i forskrifta
- Auka gebyr for sals- og skjenking, kap 6 i forskrifta

Kommentarar til føreslegne endringar i forhold til førre plan for Volda kommune

I det nye planutkastet er dette nokre av dei viktigaste endringane i alkoholpolitikken for Volda kommune:

Tekstdelen er mindre:

For å få ein oversiktleg plan som det er lett å slå opp i og bruke, er det fjerna mykje tekst i det nye planutkastet. Grunngjevinga for dette er at det som er bestemt i andre planar, lover og forskrifter, og som det ikkje er intensjon om å lage nye reglar for, er unødvendig å repetere i denne lokale planen. Omformuleringar av lovtekster kan skape vanskelege situasjonar med usemje om korleis ein skal tolke det som står.

Nye reglar om løyveperioden:

Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve pkt 2 i planutkastet.

"Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre. Dette gjer at:

1. *Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016*
2. *Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.*

Utover reglane og retningslinene her gjeld reglane i alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, og delegeringsreglementet i kommunen."

For å kome inn i rett loop vert det føreslått at ein utvidar noverande gjeldande løyve fram til 30. september. Seinare kan ein ikkje gje løyve for lengre enn **inntil 4 år med opphør seinast 30. september** jf alkohollova § 1-6. For løyve som er gjeldande no kan ein utvide opp til 3 månader, og dermed kjem ein inni rett periode/"loop".

Sjølv om kommunen ikkje nødvendigvis endar opp med å endre alkoholpolitikken vesentleg etter nytt kommuneval, er det viktig at kommunestyret har eit bevisst forhold til løyvepolitikken i kommunen, og at det blir gjort ei faktisk vurdering av korleis løyvepolitikken bør vere utforma.

Ei løysing der alle løyve går ut etter fire år, men med høve for kommunane til å gjere unnatak, tydeleggjer best kommunen si plikt og rett til å føre ein bevisst løyvepolitikk. Dette vil venteleg også gi ei betre oppfølging av intensjonen bak regelverket.

Vedlegg er fjerna og innarbeidd i planen

Vedlegget "1.1. Retningsliner/kriteria for tildeling av sals- og skjenkeløyve" og "Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve" er fjerna frå planen. Det er i staden lagt inn liste over konsept som ikkje kan få alminnelege løyve og løyve ved einskildhøve (er å finne i planutkastet pkt 4.1 og 5, sitert under):

"Pkt 4.1 - Det vert ikkje gitt alminneleg løyve:

- *Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknande konsept*
- *Arrangement som er retta imot barn og unge*
- *Det vert ikkje gitt løyve til reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.*
- *Mosjon- og idrettsarenaer*
- *Konditori*
- *Galleri og utstillinger*
- *Grendehus*

- *Campingsplasser*
- *Soner som elles vert rekna som rusfrie*
- *Bensinstasjonar*
- *Kioskar*

Berre restaurantar med eige kjøkken som er ope fram til ein time før serveringsstaden stenger, kan få alminneleg løyve for alkoholgruppe 3 (alkohol inntil 60 vol. %).

Det skal førast ein restriktiv line til nye konsept.”

Volda har potensiale for å vere ein sentral kulturstad i regionen, både som senter som vertskommune og geografisk plassering. Ein bør ta høgde for å revidere planen dersom det vert utvikla eit kultursenter i tilknyting til utbygging på Campus som kan inneha eit konsept basert på behov for skjenkeløyve.

"Pkt 5 – Alminneleg løyve ved einskildhøve

Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dagar.

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- *Arrangement som er retta imot barn og unge*
- *Løyve til reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.*
- *Campingplasser*
- *Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenar i samband med idrettsarrangement*
- *Løyve når det er arrangement for unge under 18 år*
- *Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknande konsept”*

Det er sett ny grense på 5 dagar for løyve ved einskildhøve. Dei andre kommunane på Søre Sunnmøre som hadde krav om 18-års aldersgrense, for å få skjenkeløyve ved einskildhøve, har fjerna dette kravet frå planen. Dette må kommunestyret ta stilling til. Tilråding frå politiet er at det vert stilt krav om 18-års aldersgrense ved slike arrangement, for å hindre brot på alkohollova.

Endring av skjenketid:

Endring i skjenketider, pkt 4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve

"Normal skjenketid:

- *varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag. **Ingen endring***
- *varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar. **Ingen endring***
- *Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00. **Ingen endring***
- *Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå mandag etter palmesøndag til 2. påskedag). **Ingen endring***
- *Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar. Skjenketida kan i einskilde høve utvidast etter søknad. **Endring. Tidlegare same som skjenketida inne.***

- *For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs. Nytt punkt.*
- *Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal. Ingen endring*
- *Konsum av utsjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Når det gjeld uteareal skal alkohol takast med inn i skjenkelokalet når skjenketida er gått ut.” Endring på det som gjeld uteareal.*

Endring av skjenketid for ambulerande skjenkeløyve, pkt 6:

”Skjenketider for ambulerande løyve vert som for ordinære løyve, jf 4.2.”

Dette er endring i forhold til førre plan. Det er ikkje uvanleg at det vert søkt om skjenketid fram til kl 03.00 for ambulerande skjenkeløyve.

Reaksjonar ved brot på alkohollova:

Vedlegget ”1.2. Retningsliner for reaksjonar på brot på alkohollova og vilkår for løyve” er bytta ut med eit nytt vedlegg, ”Reaksjonar ved brot på alkohollova”. Etter endring i alkoholforskrifta er det kome eit eige kapittel om inndraging av sals- og skjenkeløyve etter prikktildeiling, kapittel 10. Utover reglane i kapittel 10 i forskrifta gjeld alkohollova § 1-8, ”Inndraging av salgs- og skjenkebevillinger”.

Det nye regelverket i alkoholforskrifta er langt mildare når det gjeld reaksjonar på brot, enn det som var bestemt lokalt i førre plan for Volda kommune. Det er difor enda viktigare at løyvemynde vurderar kvar ein skild søknad kritisk.

Vilkår for løyve pkt 7.2

Det er sett inn krav om at alle vedlegg til søknad skal vere levert inn før søknader vert ferdighandsama. Det har vist seg å vere vanskeleg å drive inn slike dokument etter at løyve er gitt. Dei nye reglane ved brot på alkohollova, set krav om at det blir utført ei grundig sakshandsaming. Det er sett inn nytt krav om at også internkontrollrutinane skal ligge ved søknad. I dette dokumentet skal det vere innarbeidd rutinar som sikrar forsvarleg og lovleg drift. Dette dokumentet skal mellom anna innehalde plan og system for opplæring av tilsette og sjekklister for dagleg drift. Ved å kreve at sals- og skjenkestadane utarbeider desse rutinane, kan ein sikre at gode rutinar vert utarbeidd før oppstart.

Endring av skjenkegebyr, pkt 9

For handsaming av søknad om løyve som gjeld slutta lag gjeld gebrysatsane som er gjevne i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikke § 6-2, pr. 2016 kr 340.

I samband med einskilde arrangement kan gebyret setjast til kr 1000.- pr. gong.

Gebyr for skjenkeløyve ved einskildhøve er i samsvar med vedtak gjort i KST PS 180/13, men endring i forhold til førre plan der det var sett til kr 500 jf pkt 1.8.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at framlegget til alkoholpolitisk handlingsplan vert sendt på høyring. Denne er i hovudsak i samsvar med tilrådinga frå den interkommunale arbeidsgruppa, men med litt justering.

Når det gjeld kva politisk utval som skal handsame prinsipielle saker etter alkohollova, så vert dette å regulere i samband med revisjon av delegeringsreglementet. Inntil vidare er det driftsstyret som handsamar dei politiske sakene.

Helse og miljøkonsekvensar:

Tilgang på alkohol kan føre til uønska forbruk, med dei ulempar dette kan skape for den

einskilde og samfunnet. Kontrollert sal og skjenking gjennom løyve til aktørar, som kan dokumentere kunnskap og haldningar til rusmiddel generelt og alkohol spesielt, er viktig med tanke på førebygging. Dette gjeld og ikkje minst dei tiltak kommunen gjennom framlagd plan vil søkje å følgje opp. Viktig er også kvar einskild av oss si haldning til rusmiddel, gjennom å vere gode føredøme.

Med bakgrunn i kommunen sitt ansvar i Folkehelselova er det naturleg at ruspolitisk handlingsplan vert vurdert i høve kommunen sin overordna helsepolitikk.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje relevant

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje relevant

Naturmangfaldlova:

Ikkje relevant

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Planen skal ut til høyring

**ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN
FOR
VOLDA KOMMUNE**

2016 – 2020



Løyvepolitikken

Høyringsperiode: 22.04.16-13.05.2016

Innhold

1. Formål løyvepolitikken	3
2. Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve	3
3. Gruppeinndeling alkoholhaldig drikk	4
4. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve.....	4
5. Alminneleg løyve ved einskildhøve	5
6. Ambulerande skjenkeløyve	6
7. Tildeling av salsløyve.....	6
8. Kontroll med sals- og skjenkestader	7
9. Sals- og skjenkegebyr.....	7
Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova	8
Oversikt over prikktildeling etter kapittel 10:	9

1. Formål løyvepolitikken

Kommunen skal regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet.

Det er særleg tenleg med:

- Felles retningsliner for sals - og skjenketider av omsyn til mellom anna trafikktryggleik i helgane og like vilkår i bransjen i heile regionen.
- Felles kontrollorgan, eller at kontrollorgana har felles praksis når det gjeld frekvens av kontrollar.
- Lik praksis for reaksjonar på brot på alkohollova.
- Gjere vedtak i samsvar med gjeldande lovverk og gjeldande plan
- Opplæring av løyvehavarar

Løyvepolitikken er også viktig med omsyn til folkehelsa. Dette vil særleg gjelde kommunen sin politikk med omsyn til skjenketider og tilgjenge til alkohol. Kommunen må elles legge til rette for rusfrie soner.

2. Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid gjeld.

Løyveperioden er inntil 4 år med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre. Dette gjer at:

1. Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016
2. Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020.

Utover reglane og retningslinene her gjeld reglane i alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, og delegeringsreglementet i kommunen.

2.1 Delegering

Reglement for politiske organ skal reviderast 1. valår. Inntil gjennomgang av reglementet foreslår ein at driftssytet handsamar saker etter alkohollova.

Etter "*Delegeringsreglementet om delegering frå kommunestyret til rådmannen*" (vedteke i kommunestyret den 28.08.2014 sak PS 108/14), punkt 5.14 Alkohollova har rådmannen delegert slike mynde:

- Godkjenne ny styrar og stedfortredar ved skifte i løyveperioden (§ 1-7c).
- Godkjenne utviding av skjenkelokale for ei enkelt tilstelling (§ 4-2).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve til slutta lag (§ 4-5).
- Fastsettjing av avgifter etter § 7-1 i alkohollova og §§ 11-1, 11-2 og 11-3 i forskriftene.
- Alminneleg løyve til enkeltarrangement (§17)

- Tiltak etter ruspolitisk handlingsplan og vedtak om sanksjonar ved brot på alkohollova. 5.15

Sakshandsamarane i samarbeidskommunane skal ha jamlege samarbeidsmøte for å drøfte og samordne ulike problemstillingar i høve sakshandsaming av saker etter alkohollova m/forskrift.

3. Gruppeinndeling alkoholhaldig drikk

Alkoholfri drikk	Under 0,7 %
Alkoholsvak drikk	0,7%- 2,5 %
Gruppe 1	Over 2,5 % - høgast 4,7%
Gruppe 2	Over 4,7 % - høgast 22 %
Gruppe 3	Over 22 % - høgast 60 %

4. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve

Kommunen ser det ikkje som tenleg å sette tak for talet på skjenkeløyve. Kommunen tildeler løyve etter lov- og planverk.

4.1 Konsept

Det vert ikkje gitt alminneleg løyve:

- Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknanda konsept
- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Det vert ikkje gitt løyve til reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.
- Mosjon- og idrettsarenaer
- Konditori
- Galleri og utstillingar
- Grendehus
- Campingsplasser
- Søner som elles vert rekna som rusfrie
- Bensinstasjonar
- Kioskar

Berre restaurantar med eige kjøkken som er ope fram til ein time før serveringsstaden stenger, kan få alminneleg løyve for alkoholgruppe 3 (alkohol inntil 60 vol. %)

Det skal førast ein restriktiv line til nye konsept.

4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve

Normal skjenketid:

- **varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.
- **varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.
- Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
- Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag).
- Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar. Skjenketida kan i ein skilde høve utvidast etter søknad.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs.
- Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal. Konsum av utsjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut. Når det gjeld uteareal skal alkohol takast med inn i skjenkelokalet når skjenketida er gått ut.

4.3 Vilkår for å få skjenkeløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve. Internkontrollrutinar skal ligge ved søknad om skjenkeløyve. Søknadar vert ikkje ferdighandsama før alle vedlegg er levert inn til kommunen.

Desse er:

- Skjenkestaden skal delta på første mulige kurs i ansvarleg vertskap, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.

5. Alminneleg løyve ved ein skildhøve

Desse løyva vert tildelt ein skildarrangement i inntil 5 dagar.

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Løyve til reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det ved særlege høve gjerast unntak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida.
- Campingsplasser
- Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenar i samband med idrettsarrangement

- Løyve når det er arrangement for unge under 18 år
- Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknade konsept

5.1 Skjenketider einskildhøve

Normal skjenketid vert som for alminneleg løyve (jf 4.2), men løyve for varegruppe 3 vert kun gitt til arrangement retta imot matservering.

5.2 Vilkår

Kommunen kan sette vilkår ved arrangement og normalt vil dette vere knytt til vakthald under arrangement, løyve til bruk av bygg/areal og tryggleik.

6. Ambulerande skjenkeløyve

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til slutta lag. Med slutta lag meiner ein at det allereie før arrangementet tek til er danna eit sluttat/privat krins av personar som samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Arrangementet er ikkje ope for andre. Eit slike løyve kan omfatte øl, vin og brennevin. Døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum, firmafestar og liknande, der det vert omsett alkohol.

Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekne som slutta lag.

Det er ikkje krav om skjenkeløyve i samband med private arrangement som bryllaup, åremål, jubileum og liknande så sant det ikkje vert teke betalt for drikke og huseigar kun leiger ut lokala til arrangementet.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for ordinære løyve, jf. 4.2.

7. Tildeling av salsløyve

Det vert ikkje sett tak på salsløyve i kommunen. Løyve kan verte gitt til daglegvare- butikkar og gjeld varegruppe 1.

7.1. Salstider

Kvardagar	kl 09.00 og kl 20.00
Laurdag og dagar før heilagdagar	kl 09.00 og kl 18.00

Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa.

7.2 Vilkår salsløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve. Internkontrollrutinar skal ligge ved søknad om salsløyve. Søknadar vert ikkje ferdighandsama før alle vedlegg er levert inn til kommunen.

Desse er:

- Salstadane skal delta på første mulige kurs i ansvarleg sal, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.

8. Kontroll med sals- og skjenkestader

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og salsløyva.

Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Kontrollane skal til ei kvar tid gjennomførast i samsvar med kravspesifikasjon og eventuelle pålegg gitt av kommunen. Kontrollane skal utførast i nært samarbeid med kontaktpersonen i kvar kommune. Talet på kontrollar for sals- og skjenkekontrollar skal vere i samsvar med forskrifta, § 9.7.

Kontrollplan skjenkestadane:

- 2/3 av kontrollane skal skje fredag og laurdag frå kl. 23.00 og fram til stengetid.
- Halvparten av desse skal skje ved skjenkestaden si stengetid.
- Det skal berre førast kontroll med 2 skjenkestadar pr. kveld i kommunen.
- Kontrollane skal vere jamt fordelt utover året.

Kontrollplan salsstadane:

- Kontrollen bør skje i slutten av salstida og då primært torsdag, fredag og laurdag.
- Maks kontroll er 3 butikkar pr. kontrolldag.
- Kontrollane skal vere jamt fordelt utover året.

8.1 Reaksjonar på brot på alkohollova

Det er kome nasjonale retningsliner for brot på alkohollova som vert nytta ved brot. jf vedlegg "Reaksjonar ved brot på alkohollova".

9. Sals- og skjenkegebyr

Sal- og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar satt i forskrift til alkohollova.

Sakhandsamingsgebyr ved søknad om alminneleg løyve til einskildarrangement vert sett til kr. 1000,-.

Gebyr for ambulerande løyve vert sett etter gjeldande sats i alkoholforskrifta.

Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova

Reglane om prikktildeling og inndragning er nasjonale føringar nedfelt i alkohollova § 1-8 og forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. jamfør §§ 10-2 til 10-6. Desse gjeld der det er gjennomført kontroll i samsvar med kapittel 9 i forskrifta, eller det er motteke rapport frå andre mynde og avdekt at løyvehavar ikkje har oppfylt reglane i alkohollova, reglar i medhald av alkohollova, alkohollova sitt føremål, eller vilkår for løyvet.

Dersom løyvehavar vert tildelt til saman 12 prikker i løpet av ein periode på to år, skal løyvet dragast inn i eit tidsrom på 1 veke. Dersom det i løpet av toårsperioden vert tildelt fleire enn 12 prikker, skal lengda på inndragninga aukast tilsvarande jamfør alkoholforskrifta § 10-2. Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden. Ved overdraging begynner ny periode på overdragingstidspunktet. Likearta brot avdekt ved same kontroll skal vurderast som eitt einskilt brot. Tidspunktet for regelbrotet skal leggast til grunn for utrekning av toårsperioden.

Det er opning for å bruke skjønn jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 10-4.

Tildeling av prikker skal førehandsvarslast etter forvaltningslova § 16. Inndragning av løyve skal også førehandsvarslast etter forvaltningslova § 16. Det er klagerett på vedtak om tildeling av prikker jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv § 10-5 og 10-6.

Kommunen bør setje i verk vedtak om inndragning innan fire veker etter vedtaksdato jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv § 10-6.

Oversikt over prikktildeling etter kapittel 10:

Prikkar	Regelbrot
8	Sal og skjenking til mindreårige
	Brot på bistandsplikta
	Brot på kravet om forsvarleg drift
	Hindring av kontroll
4	Sal og skjenking til openbart påvirkta person, eller skjenking på ein måte som ein må anta at personen vert openbart påvirkta
	Brot på på reglane om sals- og skjenketid
	Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 til person på 18 og 19 år
	Brot på alderskrav for den som sel eller skjenkar alkoholhaldig drikk
2	Openbart påvirkta person i lokalet
	Manglar ved løyvehavar sin internkontroll
	Manglande levering av omsetningsoppgåve innan frist sett av kommunen
	Manglande betaling av gebyr innan fris sett av kommunen
	Brot på krav om styrar og stadfortredar
	Gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestad
	Gjentatt diskriminering
1	Brot på reglane om alkoholfrie alternativ
	Brot på reglane om skjenkemengd
	Konsum av medbrakt alkohol
	Gjestar tek med alkohol ut av skjenkearealet
	Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad
	Brot på vilkår sett i vedtaket om løyve m.m.
	Brot på reklameforbodet
	Andre brot som er omfatta av alkohollova jf. § 10-3 i forskrifta

RUSMIDDEL POLITISK HANDLINGSPLAN FOR VOLDA KOMMUNE

2012 - 2016

Kapittel 1 – LØYVEPOLITIKKEN

Vedteken i kommunestyret 24. mai 2012 i PS 6/12

KAPITTEL 1. MÅLET MED LØYVEPOLITIKKEN

Kommunen skal regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet.

Kommunestyret ser nytteverdien av at kommunane på Søre Sunnmøre har ein løyvepolitikk som er mest mogeleg samordna. Det er særleg tenleg med:

- Felles retningsliner for sals- og skjenketider av omsyn til mellom anna trafikktryggleik i helgane og like vilkår i bransjen i heile regionen.
- Felles kontrollorgan, eller at kontrollorgana har felles praksis når det gjeld frekvens av kontrollar.
- Lik praksis for reaksjonar på brot på alkohollova.
- Gjere vedtak i samsvar med gjeldande lovverk og gjeldande plan
- Opplæring av løyvehavarar

Løyvepolitikken er også viktig med omsyn til folkehelsa. Dette vil særleg gjelde kommunen sin politikk med omsyn til skjenketider, tilgjenge og tilgjenge til alkoholsterk drikke. Kommunen må elles legge til rette for rusfrie soner.

1.1. Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve

Volda kommune er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkohollovgjevinga som til ei kvar tid gjeld.

Løyveperioden er 4 år. Alle løyve som vert gjevne i medhald av denne planen skal såleis i utgangspunktet gjelde fram til og med 30. juni 2016. Salsløyvet til Vinmonopolet skal etter § 1-6 gjelde i 4 år.

Ut over reglane og retningslinene her gjeld reglane i alkohollova, med forskrifter.

1.1.1. Delegering

Driftsstyret er løyvemynde i Volda_kommune, når det gjeld alminnelege sals- og skjenkeløyve. Mynde for tildeling av ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og utviding av eksisterande løyve i einskilde høve vert delegert til rådmannen. Likeins vert mynde til å godkjenne skifte av løyvehavar, styrar for eit løyve og denne sin vara delegert til rådmannen.

Av delegasjonsreglementet går det fram at rådmannen har slikt mynde:

- avgjere einskildbevillingar delegert frå kommunestyret og som ikkje kan delegerast til anna organ.
- gjere vedtak om inndraging av skjenkeløyve for tidsrom som går ut over 8 veker.

Det er elles berre driftsstyret som kan ta avgjerd i saker om:

- Tidsavgrensing i sal og skjenking for alminnelege kommunale løyve
- Permanent flytting til nye lokale
- Endring av driftsform/konsept
- Permanent utviding av skjenkestad
- Omgjering av løyve med fastsetjing av nye vilkår.

Rådmannen har i samsvar med delegasjonsreglementet slikt mynde:

- avgjere søknader om skjenkeløyve ved einskildhøve
- avgjere søknad om utvida skjenketid for slutta lag
- avgjere søknad om utvida skjenkeareal og skjenketid for einskilde arrangement

- godkjenne ny sals- og skjenkestyrar, og vara for denne
- tildele ambulerande skjenkeløyve for slutta lag
- fastsetje gebyr for kommunale sals- og skjenkeløyve
- handheve retningsliner for reaksjonar på brot på alkohollova for periodar på inn til 8 veker

Sakshandsamarane i kommunane har kvartalsvis samarbeidsmøte for å drøfte/samordne ulike problemstillingar i høve dette.

1.1.2.Sakshandsamingsreglar

- Før alminneleg sals- og skjenkeløyve vert gjeve til ein serveringsstad, skal det ligge føre løyve etter lov om serveringsverksem (serveringslova).

- **Uttale frå skatte- og avgiftsmynde**

Det skal innhentast uttale frå skatte- og avgiftsmynde i samband med handsaming av søknader om alminneleg sals- og skjenkeløyve.

- **Uttale frå politiet**

Alle søknader om alminneleg sals- og skjenkeløyve og opne einskildarrangement skal sendast til politiet for uttale. Unnataket er slutta lag, der politiet får melding om vedtak. Politiet skal ikkje vurdere alkoholpolitiske, men politimessige sider av søknaden. Tilhøve som bør vurderast særleg er trafikale omsyn, omsyn til offentleg ro og orden, og om det er andre tilhøve ved skjenkestaden, lokalisering, verksemda eller dei ansvarlege for verksemda som tilseier at ein ikkje kan tilrå søknad.

Politiet skal også gje uttale om søkjær og ansvarlege juridiske personar sin vandel dei siste 10 åra. Løyvehavar og ansvarlege verksemda og for løyvet må ha utvist uklanderleg vandel i høve reglane i alkohollova og anna lovgjeving som har samanheng med føremålet i alkohollova.

- **Uttale frå sosialtenesta**

Ved handsaming av alle søknader, med unnatak for dei som gjeld slutta lag, skal det innhentast uttale frå kommunen sin sosialteneste som har eit særlig ansvar for å vurdere søknaden ut frå et sosialpolitisk og helsemessig perspektiv.

- **Særskilt om løyve for einskildhøve**

Dersom slike arrangement skal vere utandørs, i telt eller liknande bør det stillast vilkår om at arrangøren hentar inn godkjenning frå grunneigar. Søknaden skal då innehalde teikning og kart over skjenkearealet. I samband med sakshandsaminga skal ein vurdere om det er behov for å stille krav om godkjenning frå mattilsynet, brannvernet og byggesaksavdelinga. Ein bør også vurdere om det er behov for å stille krav om aldersgrense.

Søknader om skjenkeløyve som manglar vesentleg dokumentasjon eller opplysningar, skal sendast i retur for ferdigstilling.

1.1.3.Typar løyve

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| ▫ Over 2,5 og høgst 4,7% | (gruppe 1) |
| ▫ Over 4,7 og mindre enn 22% | (gruppe 2) |
| ▫ Mellom 22 og 60% | (gruppe 3) |
| ▫ Alkoholfri drikk; | Inneheld under 0,7% |
| ▫ Alkoholsvak drikk; | mellan 0,7 og 2,5% |

1.2. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve

Volda kommune ser det ikkje som tenleg å sette tak for talet på skjenkeløyve.

Driftsstyret tildeler skjenkeløyve i samsvar med denne planen og etter ei samla vurdering, der ein legg vekt på:

- Kor mange skjenkeløyve ein ynskjer å ha i eit geografisk avgrensa område i kommunen.
- Kva slags profil og målgruppe kommunestyret ønskjer skjenkestandane skal ha. Ein skal her vurdere søknaden ut frå både ein alkoholpolitisk og ein næringspolitisk ståstad. Nokre skjenkestadar vil berre få løyve for øl og vin. Det vert føresett at nasjonale mål vert lagt til grunn for vurderingane.
- Eit alminneleg skjenkeløyve skal knytast til eit bestemt, definert konsept. Sjå retningsliner for handsaming i vedlegg 1- 1. Det skal førast ei restriktiv line med når det gjeld tildeling av løyve til nye typar konsept.

Løyvet skal tildelast den fysiske eller juridiske personen som eig og driv verksemda.

1.2.1. Vilkår for å få skjenkeløyve

I tillegg til dei vilkår for tildeling av skjenkeløyve som følgjer av lovverket, må den ansvarlege for skjenkestaden ha gjennomgått kurs i ”ansvarleg vertskap” i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs. Der det er sett vilkår om ordensvakter skal desse vere godkjende.

Det er eit krav at skjenkestaden skal ha internkontrollrutinar. Desse skal ligge ved søknaden. For nye drivarar er det krav om at internkontrollrutinar skal vere levert til kommunen innan ein månad etter at løyvet er tildelt.

1.3. Tildeling av ambulerande skjenkeløyve og einskildløyve

Etter alkohollova kan kommunen gje ambulerande skjenkeløyve, som ikkje er knytt til ein bestemt person, eller skjenkestad.

- a) Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til deltakarar i *slutta lag*. Med slutta meiner ein at det allereie før skjenkinga startar er danna ein lukka/ privat krets av personar som er samla for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale. Eit slikt løyve kan omfatte øl, vin og brennevin.
- b) Det kan gjevast løyve for eit *einskildhøve*. Einskildhøve er opne arrangement i tilknyting til eitt bestemt høve som er klart avgrensa i tid, og som ikkje varer lenger enn 1- 6 dagar. Typiske døme kan vere festivalar , konsertar og messer. Eit slikt løyve kan omfatte alkohol inn til 22 vol %.

For begge gjeld reglane om skjenketider i kapittel 1.5.

1.4. Tildeling av salsløyve

Det er høve til å gje salsløyve for alkohol i varegruppe 1 til ordinære daglegvarebutikkar. Det skal førast ei restriktiv line med tanke på tildeling av salsløyve til andre typar konsept, sjå retningsliner for sakshandsaming i vedlegg 1-1.

Salsløyvet skal vere knytt til eit bestemt lokale, med eit avgrensa areal. Løyvet skal tildelast den fysiske eller juridiske personen som eig og driv verksemda. Løyvemynde kan setje vilkår for løyvet i samsvar med alminnelege forvaltningsrettslege reglar. Vilkåret skal ha sakleg samanheng med det løyvet som vert gjeve. Omsyn til plassering av salsstadane skal takast ut frå lovverket.

Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa. Dei alkoholhaldige varene skal vere fysisk tildekte utanom salstida.

1.4.1. Vilkår for å få salsløyve

For å få salsløyve, vert det sett krav om at den som er ansvarleg for salsstaden har gjennomgått kurs i ”ansvarleg vertskap/ansvarleg sal” i løpet av første driftsår, så lenge kommunen tilbyr slike kurs.

Det er eit krav at salsstaden skal ha internkontrollrutinar. Desse skal ligge ved søknaden. For nye drivrarar er det krav om at internkontrollrutinar skal vere levert til kommunen innan ein månad etter at løyvet er tildelt.

1.5. Sals- og skjenketider

1.5.1. Salstider for varegruppe 1

I Volda kommune er *salstidene* for øl i butikk sett til mellom kl 09.00 og kl 20.00 på kvardagar. På laurdag og dagar før heilagdagar skal salstida vere mellom kl 09.00 og kl 18.00.

1.5.2. Skjenketider

Skjenketid er eitt av dei verktya kommunen kan nytte som edruskapspolitisk verkemiddel. Volda kommunestyre vil praktisere ein relativt stram politikk med omsyn til skjenketider for å avgrense tilgjenge til alkohol og alkoholtypar på sein kveld og natt.

Av omsyn til dei som bur og oppheld seg i sentrumsmiljøa, er det føremålstenleg å ha ei avgrensing av den tida det vert skjenka alkohol. Dette er særskilt viktig med omsyn til uteservering. Kommunestyret meiner at det ikkje er det offentlege si oppgåve å legge til rette for støy utandørs på nattetid. Etter midnatt bør det vere krav om alminneleg ro i det offentlege rom.

- Normal skjenketid for *varegruppe 3* skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.
- Normal skjenketid for *varegruppe 1 og 2* skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.
- Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
- Det er høve til å gje generell utviding av skjenketida til kl 02.00 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå mandag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
- Skjenketida for uteareal skal fylgje normal skjenketid, jf. kulepunkt 1 og 2.
- Det kan gjevast skjenkeløyve for alkohol som er sterkare enn 22 vol. % på uteareal.
- Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.

1.6 Kontroll med sals- og skjenkestader

Kommunen har ansvar for å føre kontroll med løyvehavarar si forvaltning av kommunale sals- og skjenkeløyve. 6 av kommunane på Søre Sunnmøre har felles avtale med eit eksternt kontrollfirma, som gjennomfører skjenkekontrollen. Kontrollplikta omfattar alle løyve som kommunen har gjeve, med unnatak for A/S Vinmonopolet sine utsal, eller løyve til engrossal.

Kontrollane skal føre strengt tilsyn med skjenking/sal til personar som ikkje oppfyller reglane om aldersgrense. Det same gjeld skjenking/sal til openbart rusa personar.

1.6.1 Gjennomføringa av sals og skjenkekontrollane

Kontrollane skal til ei kvar tid gjennomførast i samsvar med kravspesifikasjon og eventuelle pålegg gitt av kommunen. Kontrollane skal utførast i nært samarbeid med kontaktpersonen i kvar kommune. Talet på kontrollar for sals- og skjenkekontrollar skal vere i samsvar med forskrifa, § 9.7. Kontrollørane skal opphalde seg i lokalet i meir enn 20 minutt per kontroll og skal utførast til varierande tider, stadar og dagar.

Skjenkekontroll:

For skjenkestadane skal minst 2/3 av kontrollane skje på fredagar og laurdagar frå kl 23.00 og fram til stengetid. Halvparten av desse kontrollane skal gjennomførast på fredag og laurdag ved skjenkestaden si stengetid. Det skal maksimum gjennomførast 2 kontrollar per kveld, per kommune.

Salskontroll:

Det er spesielt viktig å kontrollere salstidene. Kontrollane bør i all hovudsak utførast ved slutten på salstida og då primært på torsdag, fredag og laurdag.

Det skal sendast rapport til kontaktpersonen i kvar kommune etter kvar kontroll innanfor den frist som går fram av forskrifa. I samband med skjenkekontroll skal kommunen sitt kontrollansvar i hht tobakkskadelova § 6 følgjast opp.

Kontrollane må organiserast slik at skjenkestadane får besøk av ulike kontrollørar gjennom avtaleperioden.

Skjenkekontroll bør lysast ut på anbod kvart 4. år.

Kommunestyret ønskjer også eit samarbeid med lensmennene i området, slik at kveldspatruljane og særleg nattpatruljane i helgane rutinemessig tek stikkontrollar på dei skjenkestadane som samlar mykje folk på sein kveldstid og i helgane. Kommunestyret ønskjer at det vert prioritert å få til eit slikt samarbeid med politiet, då ein ser stor nytteeffekt av eit slikt tiltak. I tillegg til å halde oppsikt med løyvehavar si forvaltning av løyvet og alkohollova, vil ei slik ordning ha positiv innverknad i hove ro og orden i sentrumsområda i helgane. Kommunestyret ønskjer at politiet nyttar sitt mynde til å gripe inn mot ulovlege tilhøve, eller at slike tilhøve vert rapportert til kommunen.

Når det gjeld sanksjonering av brot på lovverk eller vilkår, sjå vedlegg 1-2.

1.7. Reaksjonar på brot på alkohollova

Kommunen kan inndrage eit sals- eller skjenkeløyve for ein periode ved brot på alkohollova, vilkåra for løyvet eller brot på andre reglar som er gjevne i medhald av andre lover som har samanheng med føremålet i alkohollova. Jamfør alkohollova § 1-8.

Løyvet vil verte inndrege dersom det ikkje er nytta i løpet av dei siste 12 månadane. Kommunen kan også melde lovbroter.

Politiet har høve til å stengje ein sals- eller skjenkestad for inntil 2 dagar når dette er naudsynt for å hindre forstyrring av offentleg ro og orden, sikre tryggleiken for einskildpersonar eller ålmenta, eller for å hindre eller stanse lovbroter.

Volda kommunestyre ser på høvet til å sanksjonere regelbrot ved til dømes inndraging av løyve for kortare eller lengre periodar som ein del av kommunen sin alkohol- og edruskapspolitikk.

Saman med den generelle kontrollen og politiet sin kontroll/patruljering vil dette vere eit viktig verkemiddel for å motverke uheldige utslag av alkoholbruken og uheldig forvalting av sals- og skjenkeløyve. Inndraging av løyve er eit sterkt verkemiddel, som set krav til at kommunen si vurdering tek omsyn til forvaltningslova sine krav om forsvarleg sakshandsaming.

Det er viktig med eit konsekvent, rettferdig og føreseiande reaksjonssystem i dei tilfelle alkohollova sine reglar ikkje vert overhaldne. Påviste brot på reglane kan få fylgjer for løyvehavarane i form av inndraging av løyve (kommunen) og/eller straff (politiet). Ved brot på alkohollova ligg det innanfor kommunen sitt frie forvaltningsskjøn å avgjere reaksjonsforma og lengda på inndraging. Reaksjonane skal settast etter vedlagde prikkbelastningssystem (vedlegg 1-2), og skal handhevast likt i kommunane. Handheving er delegert til rådmannen for rask iverksetting av reaksjon for brot. Rådmannen har delegert mynde til inndraging i inn til 8 veker. Reaksjonar ut over dette skal avgjerast av driftsstyret. Reaksjonen må stå i samsvar til brotet sin art og omfang.

Sjå vedlegg 1-2 – "Retningsliner for reaksjonar på brot i høve alkohollova og vilkår for løyve i Volda kommune".

1.8. Sals- og skjenkegebyr

I samsvar med alkohollova og forskrift til lova skal løyvehavar for alminneleg løyve kvart år betale sals- og skjenkegebyr i høve stipulert omsetjing av alkoholhaldig drikk. Ved årsskifte skal løyvehavar sende inn oppgåve over faktisk mengde omsett alkohol. Ved eventuell avvik mellom forventa og faktisk omsetjing, vil det verte gjennomført etteroppgjer. Utrekning og satsar følger av forskrifta. Gebyra skal sikre kommunen ei viss dekning av kostnadane med handsaming av søknader og kommunen sine kontrollloppgåver.

Manglande innrapportering skal føre til inndraging av løyve (Jfr. Retningsliner for brot). Innrapportert sal gir grunnlag for gebyr. Før krav vert sendt ut, skal innbetalt forskot for same år trekkjast frå.

For handsaming av søknad om løyve som gjeld *slutta lag* gjeld gebrysatsane som er gjevne i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2, pr. 2012 kr 280,-

For handsaming av søknad om løyve som gjeld *einskildhøve* gjeld gebrysatsane som er gjevne i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2, pr 2012 kr 4 000,-
I samband med einskilde arrangement, der alkohol ikkje er ein sentral del av arrangementet, eller der hovudsiktemålet ikkje er å tene pengar på sal av alkohol, kan gebyret setjast til kr 500.- pr. gong.

Vedlegg 1-1. Retningslinjer/kriteria for tildeling av sals- og skjenkeløyve

Ved handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve skal løyvemynde leggje vekt på følgjande :

Det som går direkte fram av alkohollova § 1-7a:

- Talet på sals- og skjenkeløyve i kommunen
- Sals- og skjenkestaden sin karakter, storleik, driftskonsept m.m.
- Lokalisering
- Målgruppe
- Trafikk- og ordensmessige tilhøve
- Næringspolitiske omsyn
- Andre relevante omsyn

Nedanfor følgjer ei utgreiing av ulike typar verksemder som vert å nytte som kriteria ved tildeling av skjenkeløyve. Det kan vere grunnlag for inndraging/endring av løyve dersom driftskonseptet vert endra i løpet av løyveperioden, slik at kriteria for tildelinga ikkje lenger er oppfylt.

Når det gjeld vurderingar knytt til løyve for alkohol mellom 22 vol. % og 60 vol.%, skal det som hovudregel leggjast vekt på skjenkestaden sitt konsept. Konsept som satsar på matservering og tilbod til middagsgjestar kan få alle rettar. Konsept som har meir preg av pub/bar/kro, konsertscene eller dansestad kan berre få løyve for alkohol inn til 60 vol % etter ei særskilt vurdering.

Følgjande verksemder / driftskonsept kan få skjenkeløyve slik:

1) Hotell

Til hotelldrift vil det vere knytt restaurantar, diskotek, bar, nattklubb, selskapslokale og minibar på rom. Alle desse lokalene vil vere ein naturleg del av vanleg hotelldrift, og vil verte omfatta av eit løyve. Søknaden skal handsamast ut frå det oppgjevne driftskonseptet. I tillegg kan søknaden vurderast særskilt med omsyn til turisme, reiseliv og andre næringspolitiske omsyn.

Hotell kan få løyve for all alkoholhaldig drikk inn til 60 vol. %.

Konseptet *sommarhotell* er å tolke som større overnattingssatar/internat, som har fått godkjenning som sommarhotell etter plan- og bygningslova for å drive hotellverksemd i sommarhalvåret. Dette konseptet kan få løyve ein del av året for alkoholhaldig drikk inn til 60 vol %.

2) Anna serveringsstad/overnattingsstad – Gjestegard, gardsturisme, "kulturisme" i kombinasjon med servering av tradisjonsmat og/eller overnatting.

Gjestegardar, serveringsstadar og/eller overnattingssstadar som driv som gardsturisme eller reiselivsverksemd i kombinasjon med servering av tradisjonsmat og kulturbasert oppleving som del av driftskonseptet, kan få skjenkerett for all alkoholhaldig drikk inn til 60 vol. %.

3) Restaurantar og enklare serveringsstadar.

Kjøkenet skal vere ope fram til ein time før serveringsstaden stengjer og hovudføremålet skal vere servering av mat. Slike restaurantar kan få løyve for alkohol inn til 60 vol. %.

4) Pub/bar

Dette konseptet vert kjenneteikna som ein uformell serveringsstad, med hovudvekt på omsetjing av øl og vin på kveldstid og i helgane. Det vert ofte servert enklare mat og snacks. Denne typen skjenkestadar kan få løyve for alkohol inn til 22 vol. %.

Berre etter nærmere, særskilt vurdering; inn til 60 vol. %. Ein føresetnad for slikt løyve vil vere eige, avgrensa lokale, eigen inngang og med aldersgrense på minst 20.

5) Diskotek, nattklubb, restaurant med dans, konsertlokale.

Konsept med hovudfokus på musikkunderhaldning og dans på kveldstid og i helgane. Denne typen skjenkestadar kan få løyve for alkohol inn til 22 vol. %.

6) Selskapslokale

Dette er lokale som i utgangspunktet har som driftskonsept å servere *middagsgjestar* i slutta selskap. Slike stadar kan få innskrenka skjenkeløyve med alle rettar.

7) Bowlinghall

Lokale med bowlingbane som hovudkonsept. Kommunestyret opna for skjenkeløyve for denne typen verksemd for to periodar sidan, men på særlege vilkår. Erfaringane med dette har vore gode, då vilkåra om avgrensa skjenketid har gjort at det ikkje vert skjenkt alkohol før kl. 21.00, då born og unge gjer mest bruk av hallen.

Ein føreset ei restriktiv line med omsyn til skjenketida for det alminnelege løyvet.

Bowlinghall kan få alminneleg skjenkeløyve for alkohol inn til 22 vol. %, etter kl 21.00.

Dette av omsyn til barn og unge.

8) Ambulerande skjenkeløyve / einskilde høve.

Kan omfatte alkohol inn til 60 vol. % i slutta lag og einskildhøve. Eit kriterium for tildeling av løyve for alkohol mellom 22 vol. % og 60 vol. % skal vere om arrangementet primært er retta mot middagsgjestar.

9) Utandørs serveringsareal for serveringsstader med løyve

Det kan gjevast alminneleg skjenkeløyve for alkohol inn til 22 vol. % på godkjent uteområde i tilknyting til skjenkestadar med eksisterande alminneleg løyve. Bruken av utearealet skal vere godkjent i høve regulering og plan- og bygningslova, før det kan gjevast løyve. Skjenkearealet skal vere tydeleg definert og avgrensa.

10) Særlege tilfelle

I særlege tilfelle og etter ei nærmere vurdering kan *kommunestyret sjølv* gjere unnatak frå typar av driftskonsept omhandla i punkta 1– 10 med omsyn til om det skal gjevast alminneleg skjenkeløyve. Kommunestyret ønskjer ei restriktiv line med omsyn til utviding av konsept- og verksemdstypar som skal få skjenkeløyve, og ser på dette som eit element i edruskapspolitikken. Difor skal spørsmål om løyve til nye konsept avgjera av kommunestyret.

Elles skal følgjande leggjast til grunn i høve søknad om skjenkeløyve:

- Alminneleg skjenkeløyve skal ikkje verte gitt til *kulturhus og grendehus*. Her kan det ved søknad gjevast løyve for slutta lag eller einskildhøve. Det vert ikkje gitt løyve når det er arrangement for unge under 18 år.
- Det vert ikkje gjeve *alminneleg* skjenkeløyve til serveringsstader i skulebygg, eller bygg der hovudfokus er undervisning, eller andre alkoholfrie aktivitetar retta mot barn og ungdom. Jamfør opplæringslova § 9-5, 3. ledd.
- Det skal ikkje gjevast *ambulerande* skjenkeløyve til lokale i reine skulebygg. I kombinerte anlegg for skule og andre føremål kan det i særlege høve gjerast unnatak når desse anlegga vert nytta til kulturelle og sosiale føremål utanom skuletida. Jamfør opplæringslova § 9-5, 3. ledd.
- Det vert ikkje gjeve alminneleg skjenkeløyve som ei fast ordning for serveringsstader i direkte tilknyting til idrettsanlegg, idrettshallar, og anlegg med tilbod om mosjons- og idrettsaktivitetar.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til arrangement som i hovudsak er retta mot born og ungdom.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve for serveringsstader i direkte tilknyting til kjøpe-/butikksenter i desse si opningstid. Unnatak kan gjerast for serveringslokale i slike anlegg når det er fysisk skilt og har eigen inngang og utanfor anlegget si generelle opningstid.
- Det vert ikkje gjeve sals – eller skjenkeløyve til gatekjøkken, kioskar, bensinstasjonar og serveringsstader i tilknyting til slike. Jf forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 3-4. Campinghytter, campingplassar og motell vert ikkje å vurdere som serveringsstader eller overnattingstadar, som skal få skjenkeløyve. Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve til frisørsalongar, hudpleiesalongar og liknande typar konsept . Det skal førast ei restriktiv line i høve tildeling av løyve til nye typar konsept.
- Ungdomsklubbar, ungdomsdiskotek, skisenter, svømmehall/badeland og idrettsarenaer er område som tradisjonelt er sett på som rusfrie soner. Desse skal ikkje skjenkeløyve.
- Kommunal representasjon skal alltid vere alkoholfri.

Vedlegg 1-2. Retningslinjer for reaksjonar på brot på alkohollova og vilkår for løyve

Interkommunale retningsliner for reaksjonar i høve brot på alkohollova for løyvehavarar:

1. Brot på alkohollova eller forskrift vert delt inn i 4 grupper:

1.1. Mindre alvorlege brot, 1 prikk

- Manglar alkoholfrie alternativ
- Manglar ved skjenkekart
- Brot på reglane om reklameforbod
- Brot på dei generelle reglane om opplæring av tilsette, der det er sett som vilkår for løyve.
- Manglande internkontroll og oppfølging av denne.

1.2. Alvorlege brot, 3 prikker

- Alkohol vert teke med utanfor godkjent skjenkeareal, eller det vert nytt medbrakt
- Det vert nytt alkohol i utsalslokale.
- Det vert gjeve alkoholservering ved bord der det oppheld seg openbart rusa person.
- Manglande innmelding frå løyvehavar om endringar med omsyn til ansvarlege for løyvet eller skifte av eigarskap.
- Skjenking/sal utover tillaten skjenketid / utsalstid
- Openbart rusa vert gjeve tilgang til skjenkestaden / vert ikkje vist ut før kontrolløren gjer merksam på tilhøvet.

1.3. Grove brot, 8 prikker

- Det vert skjenkt /selt til openbart rusa person
- Det vert skjenkt /selt til eller av personar som ikkje oppfyller reglane om aldersgrense
- Dersom det vert påvist gjenteken bruk og omsetnad av narkotika på skjenke- eller utsalsstaden.

1.5. Reaksjon

- 5 prikker fører til inndraging av løyvet i 1 veke
- 8 prikker fører til inndraging av løyve i 2 veker
- 10 prikker fører til inndraging av løyve i 4 veker.
- 12 eller fleir prikker fører til inndraging av løyve i 8 veker

2. Vesentlege brot på skatte-, avgifts- og rekneskapslovgivinga fører til inndraging av løyve i ei periode på minimum 3 månadar allereie ved fyrste gongs brot.

3. Manglande innsending av revisorstadfesta omsetningsoppgåve og manglande betaling av løyvegebyr fører til at kommunestyret eller den kommunestyret delegerer til, kan inndra løyve inntil omsetningsoppgåva er innsendt eller gebyret er betalt.

Omsettingsoppgåve skal vere levert til kommunen innan 1. mars kvart år.

4. Ved oppsummering av prikkbelastninga, er det summen av prikkar/brot i den einskilde rapport som vert lagt til grunn. Ei inndragingsveke er å rekne frå og med mandag kl 00.00 til og med søndag kl 24.00. Etter inndragingsperiode og ved nytt løyve er prikkbelastninga sett til 0.

5. Rådmannen har fullmakt til å tildele prikker etter gjeldande regelverk.

6. Iverksetjing av inndraging skal skje utan ugrunna opphald, etter at løyvehavar har fått høve til å uttale seg og saka er ferdig handsama.

7. Kommunen praktiserer ikkje oppsetjande verknad ved klage på vedtak.



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Kommunestyret
Formannskapet
Driftsstyret

Arkivsak nr.
2016/752

Løpenr.
5331/2016

Arkivkode
231

Avd/Sakshandsamar
OPP/ PERKON

Dato
02.05.2016

INNTEKTSAVHENGIG FORELDREBETALING I SKULEFRITIDSORDNING OG KULTURSKULEN

I samband med handsaminga av årsbudsjettet for 2016, gjorde kommunestyret mellom anna følgjande vedtak:

- *Administrasjonen skal utgrei konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i Kulturskulen, etter mønster av foreldrebetaling i barnehagane.*
- *Administrasjonen skal utgrei konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i skulefritidsordninga, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.*

Endring i forskrift om foreldrebetaling i barnehage

I 2015 vart det gjort endring i forskrift om foreldrebetaling i barnehage. Ordninga vart gjort gjeldande frå 1.mai 2015. Målet med endringa er å innføre ein betre sosial profil på foreldrebetalinga i barnehage.

Ordninga går ut på at eit hushald ikkje skal betale meir enn 6 % av inntekta si for ein barnehageplass. I 2015 gjeld det for hushald som har samla inntekt som er mindre enn kr. 473 500. Foreldrebetalinga skal reknast ut i frå hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Som eit hushald vert ektefelle, sambuar og registrert partnar rekna. Det vil seie at grunnlaget er frå føresett som sokjar og ev. ektefelle/sambuar/registrert partnar, sjølv om denne ikkje er føresett til barnet.

Dersom eit barn har delt bustad, skal foreldrebetalinga reknast ut i frå inntekta i hushaldet der barnet er folkeregistrert.

Det er kommunen som barnehagemynde som har ansvar for å oppfylle foreldra sin rett til reduksjon, og endringane i forskrifta omfattar både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Vedtak om redusert foreldrebetaling gjeld som hovudregel for eit barnehageår. Føresette må sende inn søknad kvart barnehageår, med ny dokumentasjon av inntekt. Kostpengar vert halde utanfor utrekning av reduksjon, og kjem i tillegg.

Dokumentasjonskrav for inntektsbereking er sjølvmelding for det siste året. Dersom søker

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:

www.volda.kommune.no
Org. nr.: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

har skattepliktig kapital eller personinntekt som ikkje står på den førehandsutfylte sjølvmeldinga, pliktar søker å opplyse om desse, slik at inntektsgrunnlaget speglar den faktiske skattepliktige person- og kapitalinntekta. Skattepliktige kapitalinntekter er mellom anna renteinntekter, aksjeutbyte, gevinst ved sal av eidegod og lausøyre, leigeinntekter, bruksrettar i kapital og vederlagsfri bruk av andre sine eideelar.

Etter innføringa av inntektsavhengig foreldrebetaling i barnehage, har Volda kommune motteke 55 søknader om redusert foreldrebetaling. Det er i dag 475 som har plass i barnehage i Volda kommune. Det vil seie at om lag 11,5 % av dei som har plass i barnehage får redusert foreldrebetaling.

Det er ulikt kor stor reduksjon den enkelte familie har krav på, men erfaringane i Volda kommune så langt tilseier at dei som har rett på reduksjon i snitt får redusert foreldrebetalinga med kr 1778 pr månad. For Volda kommune tyder det eit årleg inntektstap på kr 1 075 690. Den statlege ordninga føreset at kommunane får kompensert inntektstapet gjennom rammeoverføringane frå staten.

I tillegg til dette medfører ordninga auka administrativt arbeid. Det vil seie tid til rettleiing, innhenting av dokumentasjon, registrering og scanning av søknader med vedlegg og svar på søknad. I tillegg kan det skje endringar i løpet av året ved at nye opplysningar kjem til, noko som krev endringar av vedtak eller at nye søknader kjem. Reduksjonen skal også meldast til økonomiavdelinga som fakturerer foreldrebetalinga.

Volda kommune har ikkje registrert nye søknader om barnehageplass som kan setjast i samanheng med innføring av ordninga med inntektsavhengig foreldrebetaling.

Skulefritidsordninga (SFO)

I vedtekten for dei kommunale skulefritidsorningane i Volda kommune står det i § 8 om foreldrebetaling:

Foreldra betalar for 11 månader i skulefritidsordningane i sentrum. Dersom foreldra tingar skulefritidsordning heile dagar i skuleferiane, må dei betale ekstra for det.

*I dei skulefritidsordningane som følger skuleåret, betalar foreldra for 10 månader.
Matpengar kjem i tillegg til den faste betalinga.*

Det vert gitt same syskenrabatt som i barnehagane, som pr 01.08.2014 er 30 % for barn nr 2 og 50 % for barn nr 3. Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom SFO og barnehage.

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga kvart år. I 2016 er betalingssatsane for skulefritidsordningane slik:

1. Skulefritidsordningane

Betalingsatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2016:

<i>Sentrum: pr månad i 11 månader</i>	<i>: 1-3 dagar pr. veke : kr 1 516,-</i>
	<i>: 4 dagar pr. veke : kr 1 977,-</i>
	<i>: 5 dagar pr. veke : kr 2 442,-</i>

Dei andre krinsane: pr månad i 10 månader : 16 timer pr veke : kr 1 810,-

Ein familie med full plass i SFO i ei av sentrumsordningane betalar kr 26 862,- for plassen. Viss ein legg til grunn at familiar ikkje skal betale meir enn 6 % av hushaldet si inntekt, etter mønster av foreldrebetaling i barnehage, vil det i SFO gjelde for hushald med årsløn mindre enn kr 447 700,-

Det er vanskeleg å berekne kostnaden med å innføre inntektsavhengig foreldrebetaling i SFO, men ved å legge til grunn erfaringane etter innføring av slik ordning i barnehagane, kan det gje ein peikepinn.

Skuleåret 2015/2016 er det 276 barn som er påmeldt SFO. 150 av desse har 100 % plass.

Viss 17 av 150 kjem inn under ordninga, og erfaring frå barnehage tilseier ein reduksjon i foreldrebetalinga på kr. 1778,- pr barn pr månad, vil den samla årlege kostnaden for Volda kommune verte kr 332 486,-

Kulturskulen

Kommunestyret som fastset foreldrebetalinga kvar år. Frå 01.08.2016 er betalingssatsane for Kulturskulen slik:

<i>Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper</i>	: kr 1700,-
<i>Pr semester for instrumentleige</i>	: kr 250,-
<i>Pr semester for materiell i kunstskulen</i>	: kr 250,-

Det vert gitt 25 % søskenmoderasjon for elev nr. 2 og fleire.

Med verknad frå 01.08.2016 vert det innført 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.

Skuleåret 2015/2016 har kulturskulen 288 elevar, men 14 av desse har to instrument. Det vil seie reelt sett 274 barn.

Kostnaden for ein plass i Kulturskulen er på årsbasis kr. 3 400, medan kostnaden for heil plass i barnehage og SFO høvesvis er kr. 29 205 og kr. 26 862.

Det er vanskeleg direkte å overføre ordninga om inntektsavhengig betaling i Kulturskulen etter mønster av foreldrebetaling i barnehage, når kostnaden per år har slik differanse. Det vil være svært få om nokon som kan kome i kategorien der kostnaden for tilbodet ved Kulturskulen vil utgjere meir enn 6 % enn hushaldet si samla inntekt.

Alternativet er å finne kva prosentsats som tilsvavar årleg inntekt på kr 473 500,- og legge det til grunn i foreldrebetalinga. Kr 3400,- er lik 0,7 % av kr 473 500,-. Skal ein sidestille dette med ordninga som gjeld barnehage, skal familiar maksimalt betale 0,7 % av hushaldet si årlege inntekt. Dei med lågare inntekt skal etter denne tanken få reduksjon i foreldrebetalinga.

Dei siste åra er det gjort grep for å hindre at foreldrebetalinga ekskluderer barn frå Kulturskulen:

- ✓ betalingssatsen er uendra sidan 2014.

- ✓ frå 01.08.2015 vart det innført 25 % syskenmoderasjon for elev nr. 2 og fleire.
- ✓ frå 01.08.2016 vert det innført 25 % moderasjon for instrument nr. 2 og fleire, for elevar som er påmeldt fleire instrument/disiplinar.

I tillegg til dette ynskjer rektor for Kulturskulen å legge til rette for fleire gruppeaktivitetar som Volda kommune då vil kunne tilby til ein lågare pris. Slike tilbod vil kunne senke terskeleg og gjere inngangsbilletten til eit tilbod i regi av Kulturskulen billigare.

Syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning

Forskrift om foreldrebetaling i barnehage pålegg Volda kommune å tilby minimun 30 % syskenmoderasjon i foreldrebetalinga for barn nr to, og minimum 50 % for barn nr tre og fleire. Føresetnaden er at borna bur fast saman.

Familiar med fleire born i skulefritidsordning får syskenmoderasjon på same måte som i barnehage, men i Volda kommune er det i dag ikkje syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning. Det vil seie at ein familie med to barn i barnehage eine året får 30 % moderasjon for barn nr to, men dei må betale fullt i barnehage og skulefritidsordning året etter når det eldste barnet har byrja i skulen. Det er vanskeleg å motseie dei som ikkje finn dette logisk, så lenge det er kommunen som finanserer begge tilboda.

Mange familiar i etableringsfasen får ein brå auke i utgiftene til barnehage og skulefritidsordning når det eldste barnet byrjar i skulen/SFO. For familiar med låg inntekt er det grunn til å tru at dette kan vere ein krevjande overgang, og for alle familiar ein overgang som fører til auka kostnader.

Innføring av syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning vil lette foreldrebetalinga for mange familiar med barn i barnehage og skulefritidsordning, og det vil innføre kontinuitet i syskenmoderasjonen i overgangen mellom barnehage og skule/SFO.

Administrasjonen har rekna på dei økonomiske konsekvensane ved å innføre 25 % syskenmoderasjon for barn i SFO som har sysken i barnehage. Det vil variere kor mange i SFO som har sysken i barnehage, så alle utrekningar vil bli eit estimat.

Administrasjonen har sett på følgjande forslag:

1. Noverande ordning med syskenmoderasjon i SFO går ut.
2. Ny ordning vert innført, der ein får 25 % moderasjon i SFO viss ein har sysken i barnehage eller SFO.

Syskemoderasjon i barnehage held fram som før.

Viss ein legg til grunn at 50 % av alle barn i SFO med heil plass har sysken i barnehage/SFO, vil om lag 110 barn i SFO få 25 % syskenmoderasjon. Vidare vert det lagt til grunn at moderasjonen vert rekna av den lågaste månadsbetalinga.

Administrasjonen estimerer at ei slik ordning for Volda kommune vil få ein årleg kostnad på kr 412 500.

Oppsummering

Det er fullt mogeleg å innføre inntektsavhengig foreldrebetaling i skulefritidsordningane og Kulturskulen. Administrasjonen har ikkje grunnlag til å meine noko om behovet for slik inntektsavhengig foreldrebetaling, og om det vil vere eit eigna verkemiddel til å få fleire born til å delta i skulefritidsordning og/eller Kulturskulen. Etter innføring av inntektsavhengig foreldrebetaling i barnehage har det ikkje kome fleire søknader om barnehageplass. Dette kan indikere at behovet for ordninga med inntektsavhengig foreldrebetaling ikkje er særleg tilstades for barnehageborn i Volda kommune.

Innføringa av inntektsavhengig foreldrebetaling i barnehage krev byråkrati, og har påført administrasjonen ekstra arbeid. Innføring av liknande ordning i foreldrebetalinga i skulefritidsordningane og Kulturskulen vil krevje auka administrativ kapasitet.

I Kulturskulen er det fleire år på rad gjort medvitne tiltak for å hindre at foreldrebetalinga skal vere til hinder for at barn skal få nytte tilboden. Foreldrebetalinga har vore uendra dei to siste åra, og i august 2015 vart det innført 25 % syskenmoderasjon. Vidare ynskjer rektor å setje i gong gruppeaktivitetar som kan gje fleire born musikk- og kulturtildel til ein lågare pris.

At det er syskenmoderasjon i barnehage og skulefritidsordning, men ikkje mellom dei same tilboda kan verke ulogisk for mange. Mange familiar opplever ein merkbar auke i utgiftene når det eldste barnet tek til i skulen, og syskenmoderasjon fell vekk. For å ha kontinuitet i ordninga med syskenmoderasjon i overgangen mellom barnehage og skule, rår administrasjonen til at kommunestyret vurderer å innføre syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning.

Alle ordningane det er gjort greie for i notatet vil påføre kommunen eit inntektstap. Det er vanskeleg å beregne kor stort dette inntektstapet vil verte med dei ulike ordningane, men det er gjort nokre berekningar administrasjonen meiner gir eit realistisk bilet.

Sidan alle ordningane får større økonomiske konsekvensar, rår administrasjonen til at kommunestyret vurderer inntektsavhengig foreldrebetaling i skulefritidsordning og Kulturskulen og/eller innføring av syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning i samband med årsbudsjettet for 2017.

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

2015/914



VOLDA KOMMUNE Vikebygda skule

Møtereferat frå SU Vikebygda den 18.04.16

Oppmøte: Gunnar Aurdal, Eli-Mette Lüthcke, Liv Driveklepp, Egil Aarseth og Anne Lillebø Sætre. Solbjørg Gjengedal hadde meldt forfall og Uthman Abu Harbid møtte ikkje.

Saker:

Sak 1 Komuneplan for Volda, Samfunnssdelen 2016-2028

Høyringsutkast til kommuneplan for Volda var sendt ut på førehand og vart kommentert på møtet. SU hadde ikkje innspel til høyringsutkastet og vart teken til vitande.

Sak 2 Kulturkvelden 2016

Rektor informerte kort om kva FAU hadde bestemt med omsyn til kulturkvelden tysdag 14. juni. Det vert mat på fat, loddsal og årets framsyning tek utgangspunkt i temaet: "Barn av verda".

Sak 3 Kort om skuleåret 2016/2017

Rektor informerer kort om komande skuleår med omsyn til økonomi, elevar, tilsette og SFO. Komande 1. klasse vert på 16 elevar, fordelt på 10 jenter og 6 gutter. Det vil ikkje bli tilsett nye lærar på skulen, men ein er no i gang med å tilsette nye assistenter på skule/SFO. Opptaket på SFO komande skuleår ser ut til å bli 52 barn.

Sak 4 Kort om saker tekne opp i FAU

Rektor informert kort om innspel til FAU og kva som har blitt gjort/blir gjort med desse sakene. FAU ønska at rektor skulle ta opp nokre problemstillingar knytt til SFO kontra FFO. Dette vil rektor gjere.

Sak 5 Anna

- Det var ikkje meldt inn saker under anna.

Eli-Mette Lüthcke

Eli-Mette Lüthcke
-leiar SU-



VOLDA KOMMUNE

Vikebygda skule

Innkalling til møte i SU

Tid: **Måndag 18.04.16** kl. 19.00 – 20.00

Stad: Personalrommet, 4. klasserommet

Desse er med i SU:

Frå kommunen: Uthman Abu Harbid

Eli-Mette Lüthcke

Frå skulen: Anne Lillebø Sætre

Solbjørg Gjengedal

Andre tilsette: Liv Driveklepp

Frå FAU: Gunnar Aurdal

Egil Aarseth

Saker:

Sak 1 Komuneplan for Volda, Samfunnsdelen 2016-2028

Vedlag finn de eit høyringsutkast til kommuneplan for Volda. Svarfrist til kommunen er 28. april. Dersom nokon har innspel til denne planen, hadde det vore fint å fått det skriftleg på møtet (sjå vedlegg).

Sak 2 Kulturkvelden 2016

Kort informasjon om årets kulturkveld, som går av stabelen tysdag 14. juni.
Fordeling av arbeidsoppgåver?

Sak 3 Kort om skuleåret 2016/2017

Rektor informerer kort om komande skuleår med omsyn til økonomi, elevar, tilsette og SFO

Sak 4 Kort om saker tekne opp i FAU

- Skidag
- 21 turmål
- SFO og ønske om tilbod om 2 dagar i veka

Sak 5 Anna

Dersom ein representant ikkje kan møte, må han/ho sjølv syte for å kalle inn sin vararepresentant.

Vel møtt!

Vikebygda skule 05.04.16

Eli-Mette Lüthcke

Eli-Mette Lüthcke
-rektor-



VOLDA KOMMUNE

Opplæring og oppvekst

Driftsstyret og kommunestyret

Arkivsak nr.
2016/182

Løpenr.
4372/2016

Arkivkode
A29

Avd/Sakshandsamar
OPP/ PERKON

Dato
13.04.2016

ORIENTERING OM MIDLAR TIL AUKA PEDAGOGETTELIK I 1. - 4. KLASSE

Viser til PS 22/16, som var til handsaming i kommunestyret 22.02.2016.

I PS 22/16 vart kommunestyret orientert om at Volda kommune ikkje var kvalifisert til den statlege ordninga med auka lærartettleik i 1. – 4. klasse.

I pressemelding frå Kunnskapsdepartementet, dagsett 29.03.2016, vert det orientert om at fleire kommunar likevel får ta del i ordninga. No skal alle midlane til auka lærartettleik fordelast jamt over heile landet, og ikkje berre til kommunar som i snitt har fleire elevar pr lærar enn landssnittet.

For vårhalvåret 2016 får Volda kommune tildelt ein eingongssum til mellombelte stillingar på kr 763 199,-, medan ein for hausthalvåret 2016 får kr 545 142,- til varig styrking. Midlane er øyremerkte til lærarstillingar i 1. – 4. klasse.

For Volda kommune sin del er midlane omrekna til 50 lærartimar pr veke. Lærartimane er administrativt fordelt mellom dei skulane med lågast tildelt timetal pr elev i 1. – 4. klasse. Ved å fordele midlane på denne måten, bidreg ein til ein meir likeverdig ressursbruk mellom elevane i 1. -4. klasse i kommunen.

Dei 50 lærartimane pr veke er komande skuleår fordelt slik:

Mork skule	:	7 lærartimar pr veke
Øyra skule	:	27 lærartimar pr veke
Bratteberg skule	:	15 lærartimar pr veke
Folkestad skule	:	1 lærartime pr veke

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Postadresse:

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:

www.volda.kommune.no
Org. nr.: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727